

ÅRSMELDING 2006

SOGN OG FJORDANE ENNERGI AS



SFE



Innhold

Konsernsjefen har ordet	3
Organisasjon og selskapsstruktur	4
Styret si melding	5
Resultatrekneskap	11
Balanse	12
Gjeld og egenkapital	13
Kontantstrømanalyse	14
Notar til rekneskapen	15
Revisjonsmelding	34
Nøkkeltal	36
Dotterselskapa i konsernet	36
Verdirekneskap	37

Framsida: Asbjørn Nore. Foto JK Foto, Raudeberg,
Baksida: Foto Oskar Andersen

Styremedlemar i SFE-konsernet

Arvid Lillehaug
leiar

Birger C. Schønberg
nestleiar

Mathias Råheim

Per Atle Kjøllesdal

Kristin Linnerud

Bente Frøyen Steindal

Geir Magne Evebø
repr. for tilsette

Vidar Solvang
repr. for tilsette

Oddmund Årdal
repr. for tilsette

SFE KRAFT AS

Ole Schanke Eikum
leiar

Ingolf Aagård
nestleiar

Hans Gunnar Nåvik
Anne Katrin Oppheim
repr. for tilsette

SFE NETT AS

Ole Schanke Eikum
leiar

Ingolf Aagård
nestleiar

Hans Terje Ylvisåker
Ernfred Øygard
repr. for tilsette

SFE PRODUKSJON AS

Ole Schanke Eikum
leiar

Ingolf Aagård
nestleiar

Dag Smedbold
Mons Solheim
repr. for tilsette

SFE NATURGASS AS

Ingolf Aagård
leiar

Christian Ameln
nestleiar

Eivind Opsahl
Endre Fjellestad
Martin Holvik

FIRDAKRAFT AS

Ingolf Aagård
leiar

Martin Holvik
nestleiar

Jan Inge Erdal

Framme frå venstre:

*Birger C. Schønberg, Kristin Linnerud, Geir Magne
Evebø, Arvid Lillehaug, Ole Schanke Eikum*

Bak frå venstre:

*Oddmund Årdal, Bente Frøyen Steindal, Mathias
Råheim, Per Atle Kjøllesdal, Vidar Solvang*



Konsernsjefen har ordet

Fusjonsdrøftingane vert avgjort no

Sidan 2005/2006 har det vore konkrete fusjonsdrøftingar mellom SFE og Sunnfjord Energi. Fusjonssaka vart styrehand-sama i midten av april, og styra i begge selskapa tilrådde fusjonen. Saka har no vore ute til eigarane i halvannen må-nad, og dei første resultatane frå eigarane si handsaming av fusjonsspørsmålet er kome. Så langt ser det ut til at fusjonen ikkje får det naudsynste fleirtalet verken blant eigarane i SFE eller blant eigarane i Sunnfjord Energi. Dermed er punktum satt for ein lang prosess internt i dei to selskapa, og som har vekt engasjement i fylket. Fusjonen har lenge vore ei priori-tert strategisk oppgåve for utvikling av SFE. Selskapet vårt skal no drive vidare utan denne fusjonen. Utfordringa vår er å sette ein ny agenda med strategiske prioriteringar. Vi er i ein privilegert situasjon der det ikkje er mangel på oppgåver, men snarare mangel på ressursar.

Miljømerking av kraft

Klimaendring har fått eit sterkt internasjonalt fokus. Samanhengen mellom menneskeskapte klimagassar og global oppvarming vert stadig teke meir alvorleg. Energi-produksjon og energiforbruk er sentralt i denne saman-hengen, og Noreg kan med sin kompetanse, ressursar og vel etablerte miljøfokus vere ein viktig føregangsnasjon. Mykje talar for at vi må få marknadsbaserte løysingar sidan dette er ei global utfordring. Men det krev politisk mot og inter-nasjonal samhandling til å leggje rammevilkåra til rette for klimavenleg teknologi både innan produksjon og forbruk av energi. Og det krev at kundane vert meir miljøbevisste i sine val. I løpet av siste året har SFE sett i verk ytterlegare stra-tegiske tiltak for at vi skal ta i bruk klimavenleg teknologi og utvikle klimavenlege produkt. Tida vil vise om marknaden og kundane sluttar opp om satsinga vår.

Forsterking av sentralnettet

Behovet for forsterking av sentralnettet gjennom fylket vårt vart grundig kommentert i fjor, men den er like aktuell i år igjen. I mars i fjor sendte Statnett ut melding om forster-king av sentralnettet i mellom Fardal og Ørskog, og håpar på konsesjonsvedtak i løpet av 2008.

Statnett si melding og seinare konsesjonssøknad har vekt eit enormt engasjement i fylket og også utanfor fylket. Debatten har hatt tydeleg miljøfokus med krav om kabling av lengre strekningar over land eller krav om sjøkabel heile vegen til Ørskog. Miljøkrava og miljø-debatten har heilt overskygga vik-tige spørsmål om forsyningstryggleik og økonomi. Dersom det skulle bli sjøkabel heile vegen rundt fylket vårt, har vi ingen glede av prosjektet og vi sit att med uløyste problem på for-syningstryggleik og med utilstrekkeleg kapasitet til utvikling av industri på kysten av fylket vårt. Krav om kabling – enten til sjøs eller over land – vil også ha heilt andre økonomiske dimensjonar enn ein luftleidning. Det er lite truleg at Staten betalar desse meirkostnadene, mest truleg er det nettkundar som må ta rekninga. Denne konsekvensen trur eg ikkje politi-karar og kundar er tilstrekkeleg klar over.



Omdømmet vårt er viktig

Omdømmet vårt er viktigare enn nokon gong. Det er mellom-bels mange faktorar utanom vår direkte styring og kontroll som påverkar SFE og energibransjen sitt omdømme. Mellom anna er det tilsynelatande ein direkte samanheng mellom høg straumrekning/kraftpris og dårleg omdømme. Men sjølv om kraftprisen vert sett av kraftmarknaden og nettleiga vert bestemt av direktoratet, så er bransjen ansvarleg for at andre aktørar har fått regjere kommunikasjons-arenaen i periodar med høge straumrekningar til irriterte kundar. Energi-bransjen og SFE må derfor vere meir offensive i kommunika-sjonen og i omdømmebygginga. Det gjeld ikkje minst den store utfordringa knytt til rekruttering. Mange ungdomar er ikkje klar over kor mange spennande oppgåver som vert løyst av energi-bransjen, og kva vi står for. Vår kunnskap og innsats innan fornybar og klimavenleg energiproduksjon må også kommuni-serast betre slik at vi vert teke med på råd når viktige ramme-vilkår vert fastsette. Både SFE og energibransjen har derfor prioritert opp informasjon og kommunikasjon, og vi vil verte meir målretta i forhold til rekruttering.

Bedriftskultur

SFE har sett større fokus på verdiane våre det siste året. Du finn meir om dette andre stadar i årsmeldinga. Våre verdiar er Stolt – Frisk – Ekte (SFE), og er lette for oss og andre å huske. «Stolt» inneber at vi set vår ære i å gjere ein best mogeleg jobb for kundar og lokalsamfunn. Er vi stolte er vi også gode ambassadørar for selskapet, slik at dei bidrar til godt omdømme. «Frisk» er den neste verdien vår, og denne skal representere nytenkinga og kreativiteten, og at vi ønskjer å vere løysingsorientert for kunden sine behov. Verdien «ekte» fortel om ein open og ærleg dialog mellom kunde og selskap. Slik er Stolt – Frisk – Ekte viktige bere-bjelkar i vår dialog med kvarandre, kundar og lokalsamfunn.

Ole Schanke Eikum
– konsernsjef –

Konsernleiinga



Konsernsjef
Ole Schanke Eikum



Økonomidirektør
Ingolf Aagård



Produksjonsdirektør
Ola Lingaas




Nettdirektør
Asgeir Aase



Kraftdirektør
Anne Kristin Hjelle Jordal

Organisasjon og selskapsstruktur

Konsernet SFE



Eigarsamansetninga i konsernet

Sogn og Fj. fylkeskommune ...	47,76%	Askvoll kommune.....	1,50%
BKK.....	38,51%	Selje kommune.....	1,45%
Flora kommune.....	4,71%	Eid kommune.....	0,15%
Gloppen kommune.....	3,33%	Naustdal kommune.....	0,08%
Bremanger kommune.....	2,51%		

SFE-konsernet

Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) er organisert som eit konsern med eit morselskap og med 3 heileigde dotterselskap som er inndelt etter aktivitet og forretningsområde; SFE Kraft AS, SFE Produksjon AS og SFE Nett AS. Morselskapet, SFE Kraft og SFE Produksjon har forretningsadresse i Gloppen kommune, medan SFE Nett er lokalisert i Flora kommune.

SFE driv produksjon, overføring og omsetnad av elektrisk energi.

SFE Nett eig kommunikasjonsfiber og leiger denne ut til breiband- og teleselskap. SFE si breibandsatsing er gjennom selskapet Eninvest med eit eigarskap på 41%.

SFE Naturgass vart stifta i 2003 og er eigd av SFE med 60 % og Gasnor med 40%. Selskapet har ansvar for distribusjon og sal av naturgass i Sogn og Fjordane fylke.

Konsernet tilbyr også Enøk-tenester i samarbeid med selskapet Vestnorsk Enøk, der SFE har eit eigarskap på 11%.

Konsernet er den største energileverandøren med lokalt eigarskap i Sogn og Fjordane og mellom dei store kraftselskapa på Vestlandet.

Styret si melding for 2006

Verksemda

Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) er eit energikonsern med hovudaktivitet innan vasskraftproduksjon, krafthandel og kraftoverføring gjennom dei heileigde dotterselskapa SFE Produksjon, SFE Kraft og SFE Nett. Selskapet sitt forretningskontor er på Sandane i Gloppen kommune.

SFE Naturgass AS er eigd av SFE med 60% og Gasnor med 40%. Selskapet sit formål er distribusjon og sal av naturgass. Det er bygd ut regionanlegg for mottak av naturgass (LNG) i Florø og Høyanger. Det er inngått avtale om levering av naturgass med fleire store og små industribedrifter. Eigarane er i drøfting om det framtidige eigarskapet og organisering av selskapet.

Vestvind Kraft AS er eigd av SFE saman med 6 andre energiselskap på Vestlandet. Selskapet har samlokalisering med SFE på Sandane. Formålet til selskapet er å utvikle, bygge, eige og drive vindkraftanlegg.

I tilknytning til selskapet sine kjerneområder tilbyr SFE også tenester innan rådgiving mot småkraftmarknaden, entreprenørtenester, bustadalarm og enøk tenester. SFE eig kommunikasjonsfiber og leiger denne ut til breiband- og teleselskap. SFE sitt engasjement innan breiband er gjennom selskapet Enivest AS der SFE har eit eigarskap på 41%.

SFE sin visjon er å vere – *eit framtidretta energikonsern i Sogn og Fjordane.*

I året 2006 var både marknaden for elkraft og andre energiråvarer prega av svært stor variasjon og med rekordhøge prisnoteringar. Systemprisen i Norden på kraft varierte mel-

lom 13 øre og 65 øre, med eit gjennomsnitt over året på 39,1 øre/kWh. Dette er det høgaste årsgjennomsnittet som er notert på Nord Pool. Fordeling over året var også uvanleg, idet 3. kvartal fekk ein gjennomsnittspris på 48 øre/kWh, medan dei tre andre kvartala låg på omkring 36 øre.

Tradisjonelt er det endring i vassressursen som bidreg mest til variasjon i kraftprisar i den nordiske marknaden. Året starta med omlag normal vassressurs i Norden, men det var relativt lite snø og lite nedbør utover i året, og på ettersommaren var det eit underskot på omkring 30 TWh i høve normalen. Saman med høge kol og oljeprisar ga dette rekordnoteringar på kraftbørsen i august. Store nedbørsmengder utover haust/vinter førte til at kraftbalansen vart vesentleg endra med ei betring på omlag 40 TWh i høve normalen, og prisane fall dramatisk i den same perioden.

Innføring av handel med klimakvoter er ein av faktorane som aukar turbulensen i kraftmarknaden. Prisen steig frå 20 euro/tonn ved inngangen til året og til over 30 euro i påsketider, for så å falle ned mot 10 euro etter påske. Seinare heldt turbulensen fram, og prisen enda på omkring 5 euro ved utgangen av året. Sidan ein reknar at omkring halvparten av kvoteprisen kan kome inn i prising av kraftkontrakter, bidreg prisendringane på CO2 kvoter til variasjon i kraftprisane.

Konsernet SFE fekk eit overskot etter skatt på 101 mill. kr mot eit resultat på 125 mill. kr i 2005. Hovudgrunnen til resultatnedgangen er redusert kraftproduksjon. SFE produserte i 2006 1277 GWh, ein nedgang på heile 422 GWh samanlikna med rekordproduksjonen på 1699 GWh i 2005. SFE oppnådde ikkje

SFE sine verdjar

- berebjelkane for å bygge SFE sitt omdøme

I haust har SFE lagt ned mykje ressursar i eit arbeid med å etablere ei ny verdiplattform. Ikkje minst har dette vore ein spennande prosess med mål om å tydeleggjere kva som skal vere berebjelkane for oss i konsernet. Kva verdjar er sentrale for at vi skal få den ønska åtferda, som igjen skal vere med å skape omdømet som «Kraftfull og nyskapande med lokale røter»? Eller rett og slett korleis skal vi klare å nå dei høge måla vi set oss, få til nødvendig nyskaping, ta vare på kvarandre og bygge fellesskap, samt styrke vår lokale forankring. Gjennom innleiande kartlegging og personalsamlingar på Bryggja og Florø var engasjerte tilsette med og drøfta og gav innhald til verdiane i SFE.

Omdøme

Når vi ser på oppsummeringane frå samlingane ser vi at i omgrepet «Kraftfull» blir konkretisert med «stort og solid selskap med økonomisk styrke.»

Når vi blei bedne om å seie kva vi legg i «Nyskapande» ser vi at ord som breiband, gass, vindkraft, bustadalarm og trainee går igjen hos mange.

Innhaldet som blir lagt på «lokale røter» er at vi har god lokalkunnskap, lokale eigarar og lokale underleverandørar. Nokre peikar også på at det er viktig for tilsette og kundar fordi nærleik gjev tryggleik.

Verdjar

Målsettinga med dette arbeidet var å få fram verdiplattforma som skal vere styrande for dei tilsette i selskapet. Og kanskje viktigaste av alt; Kva må til for å kome steget vidare i retning dei tre sentrale verdiane:

STOLT, FRISK og EKTE.



Frå verdidebattane på Bryggja i haust.

full marknadspris ettersom ein del av produksjonen er bunden i langsiktige avtaler.

Oversikt over produksjon og magasin dei siste 3 åra er slik:

	2006	2005	2004
Produksjon	1277 GWh	1699 GWh	1328 GWh
Magasin 31.12.	422 GWh	429 GWh	425 GWh

SFE legg vekt på å gje eigarane ei konkurransedyktig avkastning gjennom utbytte og verdistigning på aksjane. Det er for 2006 foreslått eit utbytte på 96 mill. kr som er 9 mill. kr høgare enn forrige år. I samband med den planlagde fusjonen mellom Sunnfjord Energi og SFE har eigarane drøfta ekstra-ordinært utbytte frå selskapa. Styret vil på bakgrunn av utfallet av fusjonsdrøftingane vurdere ekstraordinært utbytte fram mot generalforsamling 19.06.07.

Sidan 2003 har det vore kontakt mellom SFE og Sunnfjord Energi (SE) for å sondere fusjon mellom selskapa. I februar 2006 starta selskapa i fellesskap opp utgreiing av ulike modellar for organisering og lokalisering av eit fusjonert selskap. Ei felles styringsgruppe leia denne utgreiinga og det vart våren 2006 samrøystes tilrådd ein modell for organisering og lokalisering av eit fusjonert SFE/SE.

Saka vart handsama i styra for både SFE og SE i mai 2006, og begge styra tilrådde eigarane å godkjenne ein intensjonsavtale om fusjon av selskapa med verknad seinast frå 01.01.08. Intensjonsavtalen skisserte ei vidare utgreiing av fusjonen og

å føre fusjonsspørsmålet fram til generalforsamlingane i dei to selskapa .

Arbeidet med bygging av 2 nye kraftverk med ein samla produksjon på 40 GWh i tilknytning til eksisterande anlegg i Øksnelvane er under avslutning. SFE er også medeigar i Innvik Kraftverk AS med 30%. Kraftverket vert starta opp i mars månad 2007 og har ein planlagt produksjon på 54 GWh.

I 2003 ferdigstilte SFE Indre Ring sambandet i Sogn/Sunnfjord som ein del av sentralnettforsterkinga i regionen. NVE har godkjend anlegget som nettanlegg og innvilga inntektsramme for året 2005 og framover. NVE har gitt avslag om inntektsramme for 2004 som representerer ein verdi for SFE på ca 8 mill. kr. Beløpet er ikkje inntektsført , men avslaget er anka til OED.

SFE sitt nett har god og stabil leveringskvalitet, synleggjort ved årleg KILE-saldo og avbrotanalyse. Oppetid på nettet var 99,98% i 2006 og er på same nivå som tidlegare år.

Sentralnettet i Sogn og Fjordane har liten kapasitet. Fylket har eit stort potensiale for ny fornybar energi, og store deler av denne er ikkje mogeleg å realisere utan å gjere forsterkingstiltak i nettet generelt, og sentralnettet spesielt. Statnett har ansvar for sentralnettet, og har førehandsmeldt ny 420 kV linje frå Ørskog til Fardal. SFE har leia ei arbeidsgruppe med formål å kome med innspel til trasealternativ, samt spesielt vurdere nedtransformeringspunkt frå 420 til 132 kV. Statnett sin konsesjonssøknad er i samsvar med arbeidsgruppa sine tilrådingar. Forsterking av sentralnettet er ei viktig sak for å oppnå betre leveringstryggleik, utvida kapasitet for utbygging av ny energi samt reduserte innmatingskostnader både for eksisterande og ny energiproduksjon. SFE vil støtte Statnett i det vidare arbeidet.

STOLT

• Forsterk det unike, bygg tillit og ver tett på kunden

«Det er viktig med godt forhold til kollegaer. Vi har alle eit kundeforhold å ta vare på, enten det er internt i SFE eller i direkte kontakt med folk utanfrå. Dersom vi har godt forhold internt i selskapet, vert både kommunikasjon og ærlegheit lettare. Det smittar over på jobben vi gjer mot eksterne kundar og det omdømet vi skapar oss».

Oddrun Undheim Slagstad,
SFE – Sandane

• Skap entusiasme, ta ansvar og vis handlekraft

• Søk målet og få fram småsigrane og godtrua på vegen



Oddrun Undheim Slagstad omkransa av f.v.: Per Erik Eimhjellen, Johan Støyva og Monica Heggheim. Foto: Bjørn Inge Solheim

Pr. 31.12.06 har selskapet ei akkumulert mindreinntekt for nettområdet på 78 mill. kr av dette skal 34 mill. kr fakturerast sentralnettet i 2007. Det er styret sin intensjon å kreve inn den øvrige mindreinntekta i løpet av 3 år.

Årsrekneskap

Resultat

SFE konsernet hadde i 2006 ei omsetning på 659 mill. kr. Dette er ein auke på 41 mill. kr frå 2005. Inntektene er fordelt med 422 mill. kr frå sal av kraft, 190 mill. kr frå nettinntekter og 26 mill. kr frå andre driftsinntekter.

Skildnaden mellom årets KILE-ramme (Kvalitetsjustert inntektsramme for ikkje levert energi) og faktisk KILE er inntektsført i resultatrekneskapen med 18 mill. kr.

Driftsresultatet på 213 mill. kr er ein nedgang på 31 mill. kr frå 2005. Nedgangen er i hovudsak på forretningsområde kraft som følge av redusert produksjon.

Netto finanskostnader er på 9 mill. kr og er redusert med 18 mill. kr frå forrige år. Renteutviklinga har gitt ein gevinst på 9 mill. kr på rentederivat som er vurdert til marknadsvilkår pr 31.12.06. Samtlege langsiktige lån er refinansiert i 2006/tidleg i 2007. Effektiv rente på langsiktige lån ved utgangen av året er 4,1% samanlikna med 4,8% på same tidspunkt i fjor.

Resultatet før skatt er på 204 mill. kr ein reduksjon på 13 mill. kr frå 2005.

Total skattekostnad er på 103 mill. kr fordelt med 58 mill. kr på overskotsskatt og 45 mill. kr på grunnrenteskatt. Grunnrenteskatten aukar med 17 mill. kr trass i vesentleg redusert produksjon. Dette skuldast den kraftige prisauken med

ein snitt pris på 39 øre/GWh for året. Effektiv skatteprosent er på 50,5%.

Konsernet sitt årsresultat etter ordinær skattekostnad er 101 mill. kr som er 24 mill. kr lågare enn i 2005.

ÅRSRESULTAT OG DISPONERINGAR

Morselskapet har eit resultat på 39 mill. kr. Styret foreslår slik disponering av årsoverskotet:

Overført frå annan eigenkapital	57 mill. kr
Avsett til utbytte	96 mill. kr
Sum disponert.....	39 mill. kr

Selskapet sin frie eigenkapital er 8 mill. kr etter at det er teke avsetning til utbytte. Utbytte utgjer 95% av konsernet sitt årsresultat.

BALANSEN

Konsernet har ein totalbalanse på 2.468 mill. kr. Den bokførte eigenkapitalen pr. 31.12. er på 1.255 mill. kr og utgjer 50% av totalkapitalen. SFE har endra prinsipp for rekneskapsføring av pensjonar til NRS 6 A (SORIE). Dette gir ein auke i pensjonsforpliktingane på totalt 47 mill. kr som er ført som reduksjon av eigenkapitalen.

Kraftanlegga inkl. fallrettar er bokført med ein verdi på 1.194 mill. kr Dette gir ein bokført verdi på 0,94 øre/kWh. I samband med fusjonen med Sunnfjord Energi pågår det eit arbeid med verdsettinga av SFE for å kome fram til bytteforholdet mellom partane.

Den totale renteberande gjelda er auka med 122 mill. kr i løpet av året til 593 mill. kr Dette skuldast i hovudsak refinansi-

FRISK

- Få fram glede og skap eit trygt og varmt fellesskap

«For meg ligg glede i meningsfull innsats der eg meistar oppgåver saman med andre. Trygt tenkjer eg på som støtte frå kollegaer og at eg kjenner meg som ein del av fellesskapet. Eit varmt fellesskap er ope og inkluderande. Det er viktig at vi alle forstår at vi kan vere gode «for oss sjølve», men at vi saman er gode for mange fleire.

Eg gleder meg til kvar arbeidsdag fordi eg jobbar ilag med kollegaer eg bryr meg om, og eg har eit arbeid eg likar. Det er viktig at vi har oppgåver vi finn gjevande og som vi meistar».

Astrid Alsaker, SFE – Florø

- Våg å gå nye vegar, ver kreativ og tenk nytt
- Løft kvarandre fram, søk utvikling og personleg vekst



– Det å vere rause og opne er utruleg viktig, seier Astrid Alsaker (t.h.). Her drøftar ho ei sak med Evy Cecilie Book. I bakgrunnen ser vi f.v.: Berit Svardal, Anita Halvorsen og Anne Ramsdal. Foto: Årdalsbakke foto, Florø

ering av kortsiktig gjeld samt store investeringar på 112 mill. kr . Investeringane fordeler seg slik:

SFE Nett	55 mill. kr
SFE Produksjon/Firdakraft	48 mill. kr
Øvrige selskap	9 mill. kr
Sum investeringar.....	112 mill. kr

Styret er ikkje kjend med at det etter balansedagen har oppstått hendingar som har vesentleg innverknad på resultat, balanse eller selskapet si framtid.

Finansiell risiko

Finansiell risiko vert styrt for å sikre gode og stabile resultat samt langsiktig verdiskapning. Styret har vedteke rammer for selskapet si risikoeksponering innan områda kraft, finans samt valuta.

SFE er eksponert for ulike typar risiko i kraftmarknaden. Selskapet sin strategi er å sikre god inntening av kraftproduksjonen for å kunne gi stabile utbytte til eigarane. Ein del av krafta som skal produserast i komande periodar er prissikra gjennom hovudsakleg finansielle avtaler. Valutarisikoen vert sikra gjennom terminmarknaden. Grunnlaget for valutasikring er selskapet sine framtidige kontantstraumar i Euro på Nord Pool. Det er etablert rammer for valutasikring med avtrappande sikringsnivå framover i tid.

Rentenivået har i tillegg til verknad på finanspostane, også verknad for inntektsramme, grunnrente- og egedoms-skatt samt pensjonskostnadene. Finansstrategien tek sikte på samordning av den totale risikoen når det gjeld rentebinding,

plassering av overskotslikviditet og bruk av finansielle instrument. Renterisikoen for SFE sine finanskostnader er avgrensa gjennom aktiv styring av renterisikoen.

Kredittrisikoen for selskapet er vurdert å vere låg ettersom det meste av kraftproduksjonen vert omsett mot Nord Pool. Finansielle transaksjoner inkl. likviditetsplassering og termin-forretning av valuta vert gjort mot solide aktørar med høg kredittrating.

Likviditeten til selskapet er god. SFE har ein kassakreditt på 100 mill. kr samt ein langsiktig trekkrett på 100 mill. kr i selskapet sin hovudbank som likviditetsbuffer. Desse trekkrettane var unytta ved årsskiftet. I tillegg stiller banken ein garanti-kreditt på 100 mill. kr for krafthandel på Nord Pool.

Styret mottek jamleg rapportering om konsernet si økonomiske utvikling og risikoutvikling på krafthandelsområdet.

Kontantstraumanalyse

Konsernet har ein positiv kontantstrøm frå drifta på 137 mill. kr. Investeringsaktiviteten i driftsmidlar og kjøp av aksjar gir ein negativ kontantstrøm på 117 mill. kr.

Finansieringsaktiviteten gir ein negativ kontantstrøm på 29 mill. kr som følge av utbetaling av utbytte og nedbetaling av kortsiktig gjeld.

Til saman gir dette ein reduksjon i bankinnskott, kontantar og liknande på 9 mill. kr.

Fortsatt drift

Rekneskapan er sett opp under føresetnad av fortsatt drift. Etter styret si vurdering har konsernet ein sunn økonomi og eit godt grunnlag for vidare vekst.

EKTE

• Bygg på det sterke i historia og vis lokalt ansvar.

«Eg opplever det slik at lokalt eigarskap og at vi er ute blant kundane våre, gjer at folk flest har eit klarare bilete av kva vi står for. Vi blir sette pris på, og eg må stå til ansvar for jobben eg gjer også på fritida. Det å gjere ein innsats for innbyggjarane som eg kjenner godt også elles, er ei ekstra motivasjonskjelde når eg utfører arbeid for SFE.

Eg opplever at folk er svært positive til oss og dei oppgåvene vi er ansvarlege for. Det er kjekt å sjå at SFE viser att gjennom lokal sponing, bl.a. operaen på Eid og idrettsarrangement. Då blir eg stolt av SFE. Dei ringverknadene det gjev, er meiningsfulle!»

Asbjørn Nore, SFE – Måløy

• Vis mot og respekt, ver raus og ærleg

• Ver tydeleg og til stades, informer og inkluder



Asbjørn Nore (t.v.) og Arvid Verpeide i ferd med å legge kablar og sette opp EL-skap til Nore fjordsenter (campingsenter) på Bryggja. Foto: JK Foto, Raudeberg

FOU

SFE deltek aktivt i felles FOU prosjekt i regi av bransjeorganisasjonen EBL. SFE har vidare innleia eit samarbeid med Vestlandsforskning om utviklingsprosjekt innan energiområdet. Det vart i 2006 tilsett ein trainee som har sitt arbeidsområde innan forretnings- og prosjektutvikling. SFE er aksjonær i utviklings- og såkornfonda Fjord Invest og Fjord Invest SørVest.

Personale og arbeidsmiljø

Tilsette og arbeidsmiljø

Sjukefråværet i 2006 var på 3,57% mot 3,17 i 2005. Dette fordeler seg på 0,99 % for korttidsfråvær(1–16 dagar) og 2,58 % for langtidsfråvær. Konsernet hadde som målsetting for 2006 at sjukefråværet skulle vere under 3,5%.

Skadefråværfrekvens (H1-verdi) var på 2,51. Ikkje nokon av desse skadene kom som fylgje av brot på lover, forskrifter eller interne rutiner. Øvrige HMS nøkkeltal er skadefrekvens (H2 verdi) på 2,51 og skadefråvær (F verdi) på 199.

SFE-tilsette har vore involvert i to større trafikkuhell i 2006. Vurderingar i etterkant har medført vedtak om utskiftingsplan for å auke tryggleiken på bilparken.

SFE starta i 2006 ein prosess med å etablere ei felles verdiplattform for konsernet som har involvert og engasjert alle tilsette. Målet var å bli tydeleg på kva som er viktig for å ta vare på kundane våre, skape resultat, utvikle eit godt miljø og fellesskap, samt synleggjere vår lokale forankring.

Dei tilsette vart informert om planane om fusjon mellom SFE og Sunnfjord Energi våren 2006. Forslag til organisering og geografisk plassering av funksjonar i det nye selskapet har skapt noko uro for ein del av dei tilsette i høve til fram-

tidige arbeidsoppgåver, pendling og oppsplitting av faglege miljø. Den endelege avgjerda om fusjonen har drege ut i tid og dette har forsterka uroa og sett preg på arbeidsmiljøet.

Tilsette og kjønnsfordeling

Ved utgangen av året var tilsett 191 personar, fordelt på 184 årsverk. Av desse var 38 kvinner (20%) og 153 menn (80%).

Ved utgangen av året hadde konsernet i tillegg 8 lærlingar med 2 i energioperatør- og 6 i energimontørfaget. 4 lærlingar gjekk opp til fagprøve i 2006. I tillegg har SFE 2 traineear med arbeidsområde krafthandel, økonomi og forretningsutvikling.

SFE sin personalpolitikk skal stimulere til aktiv likestilling. Det skal vere lik løn for likt arbeid og lik vurdering ved individuell lønsfastsetting som er basert på resultatoppnåing, fleksibilitet og kompetanse. Det er lagt vekt på likestilling både ved intern og ekstern rekruttering.

Konsernstyret har totalt 9 medlemmer samansett av 6 aksjonærvalde og 3 valde mellom dei tilsette. Styret har 2 kvinnelege medlemmer valt av aksjonærane. Dei 3 heileigde dotterselskapa har alle 4 styremedlemmer. I desse styra er det ein kvinneleg styrerepresentant i selskapet SFE Kraft, valt av dei tilsette. Det er ei kvinne av 5 medlemmer i konsernet si leiargruppe.

Ytre miljø

Produksjon av vasskraft er rein og fornybar energi som er miljøvennleg i forhold til annan energi, og som ikkje medfører klimautslepp eller forureining av det ytre miljø.

Både kraftledningar og utbygging og drift av vasskraftanlegg fører til inngrep i naturen og påverkar miljøet. Selskapet legg vekt på å førebygge og avgrense uønska miljøkonsekvensar.



SFE tek gjennom oppfølging av reguleringsføresegner, minstevassføring, utsetting av fisk, bygging av tersklar m.v., omsyn til miljøet i regulerte vassdrag. Ved bygging av nye anlegg vert miljøverknader grundig vurdert.

SFE Produksjon har eigen Vassdragsteknisk Ansvarleg (VTA) og følgjer systematisk opp tilstanden og tryggleiken på anlegga.

Det er innført kjeldesortering av avfall ved alle anlegg i konsernet.

Framtidsutsikter

Utsiktene framover er moderate kraftprisar i 2007, der snittet ligg på 22-23 øre/kWh. For neste og påfølgjande år noterer børsen prisar på 33-34 øre/kWh. Det er store svingingar i marknadsprisen på kraft og styret har vedteke ein marknadsstrategi som tilseier at ein andel av krafta skal vere seld dei første åra. Dette fører til at ein ikkje oppnår full marknadspris dei første åra etter 2007 dersom dagens noteringsprisar held seg framover.

Ved starten av året hadde SFE om lag normale vassmagasin. Utover året har ressursituasjonen betra seg med høge tilsig og med store snømengder i fjellet. Det er derfor venta at årsproduksjonen blir høgare enn normalt. SFE har god reguleringsgrad og tilsig frå brear som til ein viss grad verkar stabiliserande med omsyn til volumrisiko.

NVE har endra modellen for berekning av inntektsrammene for nettselskapa frå og med 2007, mellom anna for å sikre tilstrek-

kelege investeringar for fornying av nettet. Endringa medfører ein reduksjon i inntektsramma på mellom 5 og 10 mill. kr for SFE, og det er usikkert om nytt inntektsrammeregime gjev dei forventa resultat med omsyn til fornying av nettet. Styret ser det som vesentleg at det vert arbeidd vidare med ytterlegare forbetring av inntektsrammeregimet.

Fusjonsdrøftingane med Sunnfjord Energi har vore krevjande både for dei tilsette og styret. Arbeidet er no under avslutning og styret har gjort vedtak om å legge den framforhandla fusjonsplanen fram til slutthandsaming på selskapet si generalforsamling i juni månad.

Føremålet med fusjonen er å etablere eit større energi-selskap i Sogn og Fjordane og å sikre framtidig lokalt eigarskap. Dette er i samsvar med visjonane og strategiane til både SFE og Sunnfjord Energi. Eit fusjonert selskap vil verte mellom dei store kraftselskapa i landet. Selskapet har ambisjonar til å utvikle seg både i dei eksisterande forretningsområda og innanfor nye forretningsområder.

Styret takkar dei tilsette for god innsats i 2006. I styret si melding for 2005 vart det signalisert eit resultat for 2006 som var noko lågare enn fjorårets resultatet. Resultatet er noko betre enn venta. På bakgrunn av den hydrologiske utviklinga etter nyttår forventar styret eit resultat i 2007 som er noko betre enn for 2006.

Vadheim, 13. april 2007
I styret for Sogn og Fjordane Energi AS

Arvid Lillehaug
– styreleiar –

Birger C. Schønberg
– nestleiar –

Per Atle Kjøllesdal

Mathias Råheim

Kristin Linnerud

Bente Frøyen Steindal

Oddmund Årdal

Vidar Solvang

Geir Magne Enebø

Ole Schanke Eikum
– konsernsjef –

Resultatrekneskap 2006

Konsern				Sogn og Fjordane Energi AS			
2004	2005	2006	(Tal i 1.000 kr)	Note	2006	2005	2004
Driftsinntekter:							
334.086	423.476	442.213	Sal av kraft	2, 22, 24	0	0	0
196.201	175.969	190.041	Sal av overføringstenester	3,23	0	0	0
16.102	18.235	26.606	Andre driftsinntekter	4	34.433	36.542	35.696
546.389	617.680	658.860	SUM DRIFTSINNTEKTER		34.433	36.542	35.696
Driftskostnader:							
79.804	95.305	150.758	Kjøp av kraft	2	0	0	0
18.216	27.615	19.290	Kjøp av overføringstenester		0	0	0
93.719	97.040	104.413	Løn og sos. kostn.	5, 19	21.301	20.832	19.822
÷17.209	÷16.176	÷19.811	Aktivering av egne tilvirka driftsmiddel	5	0	0	÷70
91.949	87.500	88.166	Avskrivningar	10	3.191	3.489	3.280
19.573	25.873	28.888	Eigedomsskatt/avgifter	7	138	132	164
68.542	55.693	73.651	Andre driftskostnader	5,6	11.768	11.467	10.517
354.593	372.850	445.355	SUM DRIFTSKOSTNADER		36.398	35.920	33.713
191.796	244.830	213.505	DRIFTSRESULTAT		÷1.965	622	1.983
Finansielle poster:							
0	0	0	Inntekt frå investering i dotterselskap		52.700	135.000	62.000
÷1.400	÷1.678	2.748	Andel overskot frå tilknytt selskap	11	0	0	0
20.518	11.764	18.949	Finansinntekter	3, 8, 15	32.761	35.863	50.019
45.641	37.385	30.421	Finanskostnader	8, 22	32.535	38.724	48.271
26.523	27.299	8.724	NETTO FINANSKOSTNADER		÷52.926	÷132 139	÷63.748
165.273	217.531	204.781	ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATT		50.961	132.761	65.732
44.367	65.005	58.446	Overskotsskatt	9	12.026	37.193	18.073
26.178	27.486	44.894	Grunnrenteskatt	9	0	0	0
70.545	92.491	103.340	SUM ORDINÆR SKATTEKOSTNAD		12.026	37.193	18.073
94.727	125.040	101.440	ORDINÆRT RESULTAT ETTER SKATT		38.935	95.568	47.658
34.307	0	0	Ekstraordinær skattekostnad	9	0	0	0
60.420	125.040	101.440	ÅRSRESULTAT ETTER EKSTRAORD.POSTAR		38.935	95.568	47.658
÷314	÷149	÷260	Av dette minoritetsandel				
60.734	125.189	101.700	Av dette SFE sin andel				
Overføringer:							
			Overført frå annan eigenkapital	17			÷11.510
			Overført til annan eigenkapital	17	÷57.214	8.294	
			Foreslege utbytte	17	96.149	87.274	59.169
			SUM OVERFØRINGAR		38.935	95.568	47.658

Balanse 2006

Konsern

Sogn og Fjordane Energi AS

(Tal i 1.000 kr)

2004	2005	2006		Note	2006	2005	2004
EIGNELUTAR							
Anleggsmidler:							
Immaterielle eignelutar							
0	0	0	Utsett skattefordel alminneleg inntekt	9	3.403	3.597	852
0	0	8.653	Utsett skattefordel grunnrenteinntekt	9	0	0	0
92.865	92.865	92.865	Fallrettar	10	0	0	0
218.695	213.200	207.705	Andre rettar	10	0	0	0
55.832	49.547	43.261	Goodwill	10	0	0	0
367.392	355.612	352.484	Sum immaterielle eignelutar		3.403	3.597	852
Varige driftsmidler							
54.886	51.139	59.963	Div. anleggsaktiva	10	7.552	7.382	8.576
951.550	922.928	894.103	Kraftstasjonar	10,21,24	0	0	0
528.951	517.360	524.424	Nettanlegg	10,23	0	0	0
86.358	79.958	79.147	Faste eigedomar	10, 21	46.682	46.792	47.552
19.940	55.286	103.926	Prosjekt under arbeid	10	950	219	478
1.641.685	1.626.671	1.661.563	Sum varige driftsmidler		55.184	54.393	56.606
Finansielle anleggsmidler							
0	0	0	Investering i dotterselskap	11	1.230.787	1.230.787	1.230.787
11.496	17.318	27.416	Investering i tilknyttta selskap	11	9.782	9.782	9.782
0	0	0	Lån til selskap i same konsern	13	660.000	592.429	714.714
3.010	13.494	13.794	Investeringar i aksjar og andelar	11	10.489	10.054	2.529
35.718	32.338	28.669	Utlån/Langsikttige fordringar	5, 12	102	125	127
50.224	63.150	69.879	Sum finansielle anleggsmidler		1.911.160	1.843.177	1.957.939
2.059.301	2.045.433	2.083.926	SUM ANLEGGSMIDLAR		1.969.747	1.901.167	2.015.397
OMLAUPSMIDLAR							
5.962	5.661	5.691	Behaldning av driftsmateriell		0	0	0
Fordringar							
169.584	108.011	119.888	Kundefordringar	13, 21	10.557	4.852	862
99.152	80.530	119.963	Andre kortsiktige krv	3,13,14	125.623	200.516	114.953
268.736	188.541	239.851	Sum fordringar		136.180	205.368	115.815
39.561	53.658	93.137	Marknadsbaserte obligasjonar etc	15	93.137	53.658	39.561
8.291	55.131	45.956	Kasse, bank etc.	16	701	761	721
322.550	302.991	384.635	Sum omlaupsmidler		230.018	259.787	156.097
2.381.851	2.348.424	2.468.561	SUM EIGNELUTAR		2 199.765	2 160.954	2 171.494

Gjeld og egenkapital 2006

Konsern			Sogn og Fjordane Energi AS				
2004	2005	2006	(Tal i 1.000 kr)		2006	2005	2004
			GJELD OG EIGENKAPITAL	Note			
			Eigenkapital				
			Innskoten egenkapital				
739.611	739.611	739.611	Aksjekapital	17, 18	739.611	739.611	739.611
359.588	359.588	359.588	Overkursfond	17	359.588	359.588	359.588
1.099.199	1.099.199	1.099.199	Sum innskoten egenkapital		1.099.199	1.099.199	1.099.199
			Opptent egenkapital				
154.987	180.462	151.922	Annan egenkapital	17	5.847	68.832	63.528
4.580	4.431	4.171	Minoritetsinteresser	17	0	0	0
159.567	184.893	156.093	Sum opptent egenkapital		5.847	68.832	63.528
1.258.766	1.284.092	1.255.292	Sum egenkapital		1.105.046	1.168.031	1.162.727
			Gjeld				
			Avsetting for forpliktingar				
24.699	42.306	90.053	Pensjonsforplikting	19	16.794	9.230	4.792
94.081	82.881	94.179	Utsett skatt forplikting alm. inntekt	9	0	0	0
10.108	3.011	0	Utsett skatt forplikting grunnrenteinntekt	9	0	0	0
49.453	47.284	45.114	Avsetting for forpliktingar	20	0	0	0
178.341	175.482	229.346	Sum avsetting for forpliktingar		16.794	9.230	4.792
			Langsiktig gjeld				
508.774	464.678	580.250	Obligasjonslån	20, 21	580.250	464.678	508.774
0	0	0	Gjeld til selskap i same konsern	13, 20	200.000	220.000	145.000
19.800	5.958	12.772	Gjeld til kredittinstitusjonar	20, 21	0	0	19.800
528.574	470.636	593.022	Sum langsiktig gjeld		780.250	684.678	673.574
			Kortsiktig gjeld				
85.000	64.000	0	Sertifikatlån		0	64.000	85.000
41.401	0	0	Kassakreditt	21	119.800	51.204	128.500
29.209	44.790	69.193	Leverandørgjeld	13	2.879	2.391	2 158
85.199	100.096	93.005	Betalbar skatt	9	11.655	39.014	18.132
47.982	68.147	58.690	Skuldige offentlege avgifter, skattetrekk etc		38.457	36.352	22.556
59.169	87.274	96.149	Avsett til utbytte	17	96.149	87.274	59.169
68.210	53.906	73.864	Anna kortsiktig gjeld	13	28.735	18.781	14.886
416.170	418.213	390.901	Sum kortsiktig gjeld		297.675	299.015	330.401
1.123.085	1.064.331	1.213.269	Sum gjeld		1.094.719	992.923	1.008.767
2.381.851	2.348.424	2.468.561	SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		2 199.765	2 160.954	2 171.494

Vadheim 13. april 2007

Arvid Lillehaug
- styreleiar -

Birger C. Schønberg
- nestleiar -

Mathias Råheim

Bente Frøyen Steindal

Kristin Linnerud

Per Atle Kjøllesdal

Oddmund Årdal

Vidar Solvang

Geir Magne Everbø

Ole Schanke Eikum
- konsernsjef -

Kontantstrømanalyse

Konsern

Sogn og Fjordane Energi AS

(Tal i 1.000 kr)

2004	2005	2006	Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter:	2006	2005	2004
165.273	217.531	204.781	Ordinært resultat før skattekostnad	50.961	132.761	65.732
÷63.901	÷83.757	÷99.703	Betalte skattar i perioden	÷36.947	÷17.893	÷7.080
91.949	87.500	88.166	Avskrivningar	3.191	3.489	3.280
1.400	1.678	÷2.598	Kostnad (-) /Inntekt (+) frå invest i tilknytta selskap utan kontanteffekt	0	0	0
1.036	301	÷30	Endring i beholdning av driftsmateriell	0	0	0
2.258	186	÷1.640	Gevinst(-)/Tap(+) ved sal av aksjar og driftsmidler	÷1.591	÷342	0
÷63.843	61.573	÷11.877	Endring i kundefordringar	÷5.705	÷3.991	169
÷3.696	15.581	24.403	Endring i leverandørgjeld	488	233	÷1.397
9.847	÷14.097	÷39.479	Endring i kortsiktige finansplasseringar	÷39.479	÷14.098	9.845
÷964	÷278	÷1.401	Endring i pensjonsforpliktingar	÷450	285	÷276
÷10.354	19.008	÷23.470	Endring i andre tidsavgrensingspostar	÷48.044	÷129.873	÷119.512
129.005	305.226	137.152	Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktiviteter	÷77.576	÷29.429	÷49.239
Kontantstrøm frå investeringsaktivitetar:						
÷91.894	÷69.992	÷111.508	Utbetalingar ved kjøp/tilverking av varige driftsmiddel	÷4.195	÷1.471	÷2.707
6.850	8.759	280	Innbetalingar ved sal av varige driftsmidler	210	200	0
24	830	2 175	Innbetaling ved sal av aksjar og andelar i andre foretak	2.040	788	0
0	0	0	Innbetaling ved avvikling av dotterselskap	0	0	50
÷67	÷18.475	÷8.385	Utbetalingar ved kjøp av aksjar og andelar i andre foretak	÷885	÷7.975	÷2.466
÷1.289	0	0	Utbetalinger ved andre investeringar	0	0	0
÷125	0	0	Utbetaling ved utlån	÷659.978	3	÷100.125
0	0	0	Innbetaling av avdrag frå døtrer	592.429	122.286	47.286
÷86.501	÷78.878	÷117.438	Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar	÷70.379	113.830	÷57.962
Kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar:						
0	0	481.813	Innbetalingar ved opptak av ny langsiktig gjeld	475.000	100.000	25.000
÷108.947	÷57.938	÷359.428	Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	÷379.428	÷88.896	÷108.947
÷768	0	0	Kontantbeholdning innfusjonert/utgår ved utgong konsern	0	0	0
101.223	÷62.401	÷64.000	Utbetaling ved reduksjon av kortsiktig gjeld	4.596	÷98.296	213.500
1.599	0	0	Innbetaling av egenkapital	0	0	0
0	0	0	Mottak av konsernbidrag	135.000	62.000	23.000
÷53.992	÷59.169	÷87.274	Utbetaling av utbytte	÷87.274	÷59.169	÷53.992
÷60.885	÷179.508	÷28.889	Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar	147.894	(84.361)	98.561
÷18.381	46.840	÷9.175	Netto endring i kontantar og ekvivalentar	÷61	41	÷8.640
26.672	8.291	55.131	Behaldning av kontantar og ekvivalentar 1.1	761	721	9.361
8.291	55.131	45.956	Behaldning av kontantar og ekvivalentar 31.12	701	761	721

Notar til rekneskapen 2006

1. Rekneskapsprinsipp

Sogn og Fjordane Energi AS og SFE sin konsernrekneskap er ført i samsvar med rekneskapslova av 1998 og reglane for god rekneskapsskikk i Norge.

GRUNNLEGGANDE FORHOLD

Konsernrekneskapen viser det samla økonomiske resultat og økonomiske stilling ved at morselskapet og eigarandelar i andre selskap vert presentert som ei økonomisk eining. Selskap der konsernet har bestemmande påverknad er konsolidert. Minoriteten sin andel av resultatet etter skatt er presentert på eiga line. Felleskontrollerte verksemdar er presentert etter bruttometoden. Tilknnytta selskap der konsernet har strategisk interesse og betydeleg påverknad og eigarandel på 20-50% er vurdert etter eigenkapitalmetoden. Eigarandeler som er definert som finansielle investeringar er vurdert etter kostmetoden uansett eigarandelen sin storleik.

Årsrekneskapen for SFE konsernet består av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og noteopplysningar. Konsernet består av morselskapet Sogn og Fjordane Energi og dotterselskapa SFE Nett, SFE Kraft, SFE Produksjon, SFE Naturgass og Firdakraft. SFE Produksjon eig 30% av aksjane i Innvik Kraftverk AS. Selskapet Firdakraft eig 30% av aksjane i Fossheim Energiverk, medan selskapet Eninvest er eigd 41% av Sogn og Fjordane Energi.

Alle interne resultat- og balansepostar som skuldast interne transaksjonar er utlikna. Ved konsolideringa er anskaffelseskostnaden til aksjane i dotterselskapa eliminert mot eigenkapitalen på oppkjøpstidspunktet. Meir- og mindrevordiar av aksjane i dotterselskapa i forhold til bokført eigenkapital i selskapa er i konsernrekneskapen fordelt til dei ulike egedelane i dotterselskapa og vert avskrive planmessig. Meirverdi utover den som er fordelt til dei ulike egedelane er aktivert som goodwill.

Rekneskapslova § 5-8 seier at ein del finansielle instrument og varederivat skal vurderast til verkeleg verdi. For SFE betyr dette at finansielle kraftkontrakter handla på Nord Pool som inngår i tradingportefølje er vurdert til verkeleg verdi. Det same gjeld finansielle omløpsmiddel som obligasjonar og sertifikat. Også inngåtte valutaterminar er vurderte til verkeleg verdi. Derimot er finansielle kraftkontrakter som inngår i ei sikringsportefølje ikkje vurdert til verkeleg verdi, men underlagt sikringsbokføring. Rentederivat som ikkje er dedikerte sikringsinstrument mot låneportefølja er på grunn av likskap med kontantar vurdert til verkeleg verdi i balansen.

SFE omset ein stor del av sin kraftproduksjon på Nord Pool. Finansiell og fysisk handel med kraft på Nord Pool er i euro. SFE har vedteke ein valutastrategi som skal sikre handtering av valutarisikoen. Denne strategien tilseier at ein del av valutarisikoen knytt til inngåtte kontrakter skal sikrast.

PRINSIPP FOR INNETEKTS- OG KOSTNADSFØRING

Inntektsføring i rekneskapen skjer ved levering av varer eller tenester til kunde. Utgifter vert samanstilt med og vert kostnadsført samtidig med dei inntektene som utgiftene kan henførast til. Utgifter som ikkje kan henførast direkte til inntekter vert kostnadsført når dei påløper. All fysisk krafthandel er ført brutto i resultatrekneskapen, medan

nettoresultatet av finansiell sikring er ført under driftsinntekter. Resultatet av tradingaktivitet i kraftmarknaden er ført netto og rekneskapsført på same line som sal av kraft. Effekten av valutaforhold er rekneskapsført på same line som kraftleveransen valutaresultatet knytter seg til.

Hovuddelen av rentekostnadene er knytt til offentleg utlagte obligasjonslån. Som sikringsinstrument på låneportefølja nyttar SFE derivat som swap-avtaler, renteopsjonar og F.R.A.-kontrakter. Pga refinansiering av låneportefølje er sikringsrelasjonane oppløyste og verkeleg verdi av derivata er ført inn i balansen.

Nettverksemda vert regulert av styresmaktene ved at Noregs Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) fastset årlege inntektsrammer for kvart selskap. Inntektsramma skal gje dekning for netteigars faktiske kostnader samt gje grunnlag for ei rimeleg avkastning på investert kapital.

NVE fastsette i 2002 inngongsverdiar for årlege inntektsrammer for reguleringsperioden 2002-2006. Dei årlege inntektsrammene er i tillegg gjevne ved kraftpris, rentenivå, generell prisstigning og ved eit effektiviseringskrav som for SFE Nett er på 0,96%. Kvart år vert avviket mellom faktiske tariffinntekter og tilleten inntekt berekna i form av ei meir-/mindreinntekt. Akkumulert meir-/mindreinntekt (saldo) vert rekneskapsført som henholdsvis gjeld eller fordring til nettkundane. Akkumulert meir-/mindreinntekt vert renterekna i samsvar med rentesats og prinsipp fastsett av NVE. Tilbakeføring av meir-/mindreinntekt skjer gjennom justering av nettarriffane.

Styresmaktene innførte i 2001 ei ordning med kvalitetsjustering av tilleten inntekt for nettdrifta (Kile). Kraft som ikkje kjem fram ved feil-situasjonar blir verdsatt etter ein samfunnsøkonomisk pris. Er kostnaden med feil og avbrot større enn Kile-ramma over tid, vil avviket medføre ein inntektsreduksjon for selskapet. Motsvarande situasjon medfører auka inntekter for selskapet. Kvart år vert avviket mellom faktisk Kile-inntekt og faktiske avbrot rekneskapsmessig kostnadsført eller inntektsført og balanseført som ei gjeld eller fordring. Akkumulert saldo Kile inntekt- og kostnad vert renterekna i samsvar med rentesats og prinsipp fastsett av NVE. Tilbakeføring eller innkrevjing av balanseført saldo for Kile-inntekt eller Kile-kostnad skjer gjennom justering av nettarriffane.

Akkumulert meir-/mindreinntekt av ordinær inntekt og gjeld eller fordring for Kile vert balanseført samla og bokført netto som henholdsvis gjeld eller fordring til nettkundane.

HOVUDREGEL FOR VURDERING OG KLASIFISERING AV BALANSEPOSTAR

Eigedelar som er bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Andre eigedelar er klassifisert som omlaupsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omlaupsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterier lagt til grunn. Anleggsmiddel er vurdert til anskaffelseskost, men vert nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er forventa å vere forbigåande.

Dersom anleggsmiddelet har avgrensa økonomisk levetid vert det avskrive planmessig over levetida. Ved vurdering av omlaupsmidlar er lågaste verdis prinsipp nytta, slik at omlaupsmidlane er vurdert til lågaste verdi av anskaffelseskost og marknadsvardi. Unntak frå dette er finansielle omlaupsmiddel som inngår i ei handelsportefølje.

Langsiktig gjeld vert balanseført til pari kurs. Kortsiktig gjeld vert balanseført til motteke beløp på lånetidspunktet, og vert ikkje oppskrive til verkeleg verdi som følge av renteendring.

Enkelte postar er vurdert etter andre reglar og desse er det gjort greie for nedanfor.

Postar som er av uvanleg karakter og av ein slik art at dei ikkje inntre ofte eller regelmessig, vert klassifiserte som ekstraordinære dersom dei beløpsmessig er vesentlege for konsernet.

IMMATERIELLE EIGEDLAR

Det er aktivert goodwill som er knytt til verdi av kundemasse som kom inn gjennom fusjonen mellom Ytre Fjordane Kraftlag og Sogn og Fjordane Energi 01.01.03. Ut frå stabiliteten i kundemassa vil desse verdiane bli avskrivne lineært over 10 år. Dette er også i samsvar med perioden som er lagt til grunn ved verdisettinga av selskapa.

Det er også aktivert goodwill knytt til tidlegare oppkjøp. Denne goodwillen er knytt til synergjar ved drifting av selskapa samla. Dette er drifting av kraft- og nettanlegg med lang levetid. Goodwillen knytt til dette oppkjøpet vert derfor avskrive over 15 år frå oppkjøpstidspunktet.

VARIGE DRIFTSMIDDEL OG AVSKRIVINGAR

Varige driftsmiddel vert avskrive lineært over forventa levetid. Avskrivning vert starta året etter investeringsåret for mindre, ordinære avskrivningar, medan det for større investeringar vert starta avskrivningar den månader driftsmiddelet vert teke i bruk. Eigne investeringsarbeid vert aktiverte på driftsmiddelet etter marknadsmessig timesats. Det vert aktivert byggelånsrenter på større investeringar med byggetid på meir enn 6 månadar, medan meir ordinære investeringar ikkje vert aktiverte med byggelånsrenter. Motteke anleggsbidrag går til frådrag i kostpris på driftsmiddelet. Vedlikehaldsutgifter vert kostnadsførte når utgifta vert betalt.

BEHALDNING AV DRIFTSMATERIELL

Verdien av lagerført materiell for drift og vedlikehald er ført opp etter innkjøpskost. Oppføringa samsvarar med listepris frå leverandør. I rekneskapet er det avsett for ukurans.

FORDRINGAR

Kundefordringar og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap er gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringar. I tillegg er det for andre kundefordringar avsett ein uspesifisert avsetning for å dekke forventa tap.

PENSJONAR

SFE har endra prinsipp for rekneskapsføring av pensjonar. Tidlegare vart NRS 6 brukt, men frå og med 2006 vert NRS 6A nytta. Uamortisert estimatavvik i avlagt balanse 31.12.05 er 01.01.2006 balanseført mot eigenkapitalen. Også årlege estimatavvik vil bli balanseført mot eigenkapitalen. Estimert pensjonskostnad gjort ved utløpet av forrige rekneskapsår dannar grunnlaget for pensjonskostnaden for neste år. Avvik mellom estimert pensjonskostnad og faktisk pensjonskostnad vert balanseført direkte mot eigenkapitalen. Løysinga er under IAS 19 omtalt som SORIE løysinga. Ved rekneskapsføring av pensjon er lineær

oppteningsprofil og forventa sluttløn som oppteningsgrunnlag lagt til grunn. Arbeidsgjeveravgift er inkludert i tala. Pensjonsmidlane vert vurdert til verkeleg verdi.

GODTGJERSLER

SFE utbetaler godtgjersler i samband med overtaking av bruks- og fallrettar.

For utbygde kraftverk er eingongsgodtgjersler aktivert og vert avskrive over anlegget si levetid, medan årlege godtgjersler for utbygde anlegg vert kostnadsført. For rettार som ikkje er utnytta, vert dei årlege godtgjerslene kostnadsførte.

ANDEL I ANDRE KRAFTVERK

SFE Produksjon eig ein andel i Leirdøla kraftverk på 35%. Leirdøla inngår i rekneskapen etter bruttometoden. Avskrivningane inngår i posten avskrivningar i rekneskapen. SFE Produksjon sin andel av sal av kraft frå Leirdøla er inkludert i posten sal av kraft, og driftskostnader for SFE Produksjon sin andel er inkludert i posten andre driftskostnader. Grunnrente-, naturressurs- og eigeomsskatten for Leirdøla vert utlikna på SFE Produksjon si hand og er inkludert i desse postane i rekneskapen.

LEIGDE KRAFTVERK

SFE Produksjon leiger kraftverka Eidsfossen, Trysilfossen og Evebøfossen med Gloppen kommune. Leigekontrakta går over 20 år frå 01.01.95. Det er betalt ei forskotsleige på 65 millionar kroner. Denne forskotsleiga er ført i balansen som ei langsiktig fordring. 1/20 av leigebeløpet vert årleg kostnadsført. Reinvesteringar vert aktivert i balansen som avskrivbare anleggsmiddel i samsvar med leigekontrakta med Gloppen kommune. Sal av kraft frå dei leigde stasjonane inngår i posten sal av kraft.

Det har vore tvist mellom Gloppen kommune og staten om skatteplikta knytt til desse stasjonane. Gjennom Høgsterettsdom i 2005 vart SFE Produksjon tillagt skatteplikta for naturressurs- og grunnrenteskatt.

KONSESJONSKRAFT

Sogn og Fjordane fylkeskommune har rett til å ta ut konsesjonskraft frå enkelte kraftverk i fylket. SFE handterer konsesjonskrafta på vegne av Sogn og Fjordane fylkeskommune for fylket si rekning og risiko. Avtala mellom SFE og fylkeskommunen har ein slik oppseiingsklausul at SFE ikkje har risiko knytt til kvantum SFE har prissikra for fylkeskommunen.

Inntekter og kostnader knytt til konsesjonskrafta er såleis rekneskapsført hos Sogn og Fjordane fylkeskommune og ligg ikkje inne i SFE sitt resultatrekneskap. Resultatet frå konsesjonskrafta er berekna i medhald av forskrift gjeve til skattelova § 2-5 og vert slik skattefri for Sogn og Fjordane fylkeskommune.

MAGASINFYLING

I samsvar med vanleg praksis i bransjen vert ikkje vassmagasin balanseført. Vassmagasin er likevel vesentleg for vurdering av rekneskapsmessige resultat for selskapet.

KRAFTKONTRAKTER

Alle kjøps- og salskontrakter blir periodiserte, dvs. inntekter og kostnader blir periodiserte i høve til leverings- og mottakstidspunkt. Kraftkontraktene er delt inn i tre porteføljer. Ei produksjonsportefølje, ei tradingportefølje og ei sluttbrukportefølje. Kvar portefølje vert vurdert for seg med gjennomsnittspris på sals- og kjøpskontrakter med tilsvarende volum og samanfallande leveringsperiodar.

Produksjonsportefølja:

Produksjonsportefølja inneheld i tillegg til eigenproduksjonen, alle sals- og kjøpskontrakter som er inngått med grunngeving i forhold knytt til fysiske tilhøve i våre produksjonsanlegg. Dette gjeld både fysiske og finansielle kraftkontrakter. Også sals- og kjøpsopsjonar inngår i produksjonsportefølja. For kraftsals- og kraftkjøpskontrakter med levering for neste år vert same sesong samanstillt etter porteføljeprinsippet og urealiserte tap som måtte vere i portefølja vert kostnadsført. For kraftkontrakter med levering seinare enn neste år vert same år samanstillt og evt. urealiserte tap vert kostnadsført. Urealiserte gevinstar vert ikkje inntektsført. Eigenproduksjonen vert i denne vurderinga lagt inn som ei kjøpskontrakt med kjøpspris lik sjølvkost.

SFE Kraft handlar finansielle instrument, primært på Nord Pool, for å optimalisere verdiane og redusere risikoen som ligg i kraftporteføljene. Finansielle instrument som vert handla er forwards, futures og opsjonar på Nord Pool. Det vert også handla forwards og opsjonar bilateralt. Opsjonspremiar vert resultatført parallelt med det underliggende produktet, med unntak av opsjonar for året 2007 som på balansetidspunktet var verdilause. Opsjonane som hadde innløysing i desember 2006, men som på dette tidspunktet var verdilause er kostnadsført i samsvar med lågaste verdis prinsipp.

Resultatet av sikringshandelen vert ført på same rekneskapsline som resultatet av den sikra posisjonen.

Sluttbrukportefølja:

Sluttbrukportefølja inneheld alle kontrakter ut til sluttkundar og pris-sikringa som er gjort av desse kontraktene. Kraftsals- og kraftkjøpskontrakter med levering i same periode vert samanstillt etter porteføljeprinsippet og urealiserte tap som måtte vere i portefølja vert kostnadsført. Urealiserte gevinstar vert ikkje inntektsført.

Resultatet av sikringshandelen vert ført på same rekneskapsline som resultatet av den sikra posisjonen.

Tradingportefølja:

Tradingportefølja inneheld alle sals- og kjøpskontrakter som ikkje er inngått med grunngeving i forhold knytt til fysiske tilhøve i våre produksjonsanlegg. Kraftsals- og kraftkjøpskontrakter med levering i same periode vert samanstillt etter porteføljeprinsippet og urealiserte tap som måtte vere i portefølja vert kostnadsført. Urealiserte gevinstar vert inntektsført. Resultatet av tradingaktivitet i kraftmarknaden er ført netto og rekneskapsført på same line som sal av kraft.

Finansielle omlaupsmiddel som inngår i handelsportefølje

SFE har ei handelsportefølje med verdipapir som sertifikat og obligasjonar. Denne handelsportefølja er i balansen vurdert til verkeleg verdi i samsvar med rekneskapslova § 5–8.

Prinsipp for kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd med basis i den indirekte metoden. Dette innebærer at ein i analysen tek utgangspunkt i foretaket sitt årsresultat for å kunne presentere kontantstraumar tilført frå henholdsvis ordinær drift, investeringsverksemda og finansieringsverksemda.

Aksjar i dotterselskap og tilknytte selskap

Investeringar i dotterselskap og tilknytte selskap er i selskapsrekneskapskapen vurdert etter kostmetoden. I konsernrekneskapskapen er dotterselskap konsolidert og tilknytte selskap innarbeidd etter eigenkapitalmetoden.

SKATTAR

SFE betalar fire ulike skatteartar. Dette er alminneleg overskotsskatt, grunnrenteskatt, naturressursskatt og eigedomsskatt.

OVERSKOTSSKATT

Overskotsskatten vert berekna etter dei ordinære skattereglane. Skattekostnaden i resultatrekneskapskapen er samansett av betalbar skatt og endring i utsett skattefordel/skatteforpliktning. Betalbar skatt vert berekna på grunnlag av året sitt skattemessige resultat. Utsett skattefordel/skatteforpliktning vert berekna på grunnlag av midlertidige skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar. Utsett skatt er rekna etter nominell verdi.

GRUNNRENTESKATT

Grunnrenteskatten er ein kraftverksspesifikk skatt som vert berekna separat for kvart kraftverk. Grunnrenteskatten har som formål å skattlegge den avkastinga ein vasskraftprodusent har utover normalavkastning som følge av at produsenten utnyttar ein naturressurs. Denne skattearten er delvis overskotsuavhengig.

Skattekostnaden knytt til grunnrente i SFE sitt resultatrekneskap består av betalbar grunnrenteskatt, endring i utsett skatt knytt til grunnrente med basis i endring i midlertidige skilnader og endring i framførbart underskot knytt til grunnrente. Ved berekning av utsett skatt fordel/forpliktning 31.12.2006 er det brukt nominell skattesats på 27%. I samsvar med tilråding frå bransjeorganisasjon er det ved negative midlertidige skilnader balanseført utsett skatt fordel grunnrente for kraftverk som er i posisjon for betalbar grunnrenteskatt eller som våre prognoser seier vil vere i betalbar posisjon i løpet av ein 10-års-periode. Utsett skatt fordel/forpliktning på grunnrente er presentert netto i balansen for alle kraftverk.

NATURRESSURSSKATT

Naturressursskatten er overskotsuavhengig og vert berekna basert på det enkelte kraftverk sin gjennomsnittlege produksjon dei siste 7 åra. Naturressursskatten kan utliknast krne for krne mot overskotsskatten, og ikkje utlikna naturressursskatt kan framførast med renter.

EIGEDOMSSKATT

Eigedomsskatten er ein overskotsuavhengig skatt. For kraftverk vert grunnlaget for eigedomsskatten fastsett i samband med skatteklikninga. Øvrige anlegg vert verdisett gjennom ein eigedomsskattetakst. Eigedomsskatten utgjer inntil 0,7% av grunnlaget. I rekneskapskapen er eigedomsskatten teken med som ein driftskostnad.

ENDRING AV REKNESKAPSPRINSIPP

Med verknad frå 01.01.06 implementerte SFE NRS 6A (SORIE), rekneskapsstandard for pensjon ved bokføring av pensjonsforpliktelser. Verknaden av nytt prinsipp på eigenkapital og resultat for 2006 er vist nedanfor:

Beløp i 1.000 kr	Mor	Konsern
	Eigenkapital 01.01.06	Eigenkapital 01.01.06
Balansføring endring pensjonsforpl.ing	4.153	17.885
Utsett skatt	1.163	5.444
Sum	2.990	12.441

2. Kraftproduksjon, kraftsal og kraftkjøp

KRAFTPRODUKSJON 2006

	Konsern		
	2006	2005	2004
Årets produksjon	1.277 GWh	1.699 GWh	1.348 GWh
Midlare årsproduksjon	1.340 GWh	1.285 GWh	1.285 GWh

Produksjonstala inkluderer ikkje tilknyttta selskap. Midlare årsproduksjon er simulert etter tilsigsserien 1989-2005.

	31.12.06	31.12.05	31.12.04	31.12.03	31.12.02
Magasinbeholdning (GWh)	422	429	425	409	325
Andel av magasinkapasitet	69%	70%	70%	67%	53%

Magasintala inkluderer ikkje tilknyttta selskap.

KRAFTSAL OG KRAFTKJØP

Vurderingar som er gjort 31.12.06 viste at det ligg urealiserte tap i sluttbrukporteføljja. Vi har på bakgrunn av dette, avsett kr 343.000 for dette tapet i 2006-rekneskapet. I sikringsporteføljja er det ikkje grunnlag for å måtte setje av for urealiserte tap. Tradingporteføljja vert rekneskapsført til verkeleg verdi. Pr 31.12.06 er det eit urealisert tap på kr 21.717.000. Tilsvarande var det pr. 31.12.2005 eit urealisert tap på kr 2.186.000. Auken i urealisert tap er kostnadsført i 2006.

3. Nettdrift, meir-/mindreinntekt, avkasting og avsetning

Beløp i 1.000 kr	Sum
	Mindreinntekt nettleige
Saldo 31.12.05	54.486
Rentesaldo	10.250
Balansført inkl. renter 31.12.05	64.736
+ Korrigering mindreinntekt 2005	10.174
÷ Korrigering rente meirinntekt 2005	(2.066)
= Utestående mindreinntekt frå tidl. år	72.844
+ endring mindreinntekt i 2006	5.184
+ Renteavsetning av mindreinntekt	286
= Sum rekneskapsført 31.12.06	78.314

SEGMENTINFORMASJON NETTDRIFT

Beløp i 1.000 kr

Nettinntektsgrunnlag for 2006	181.821
Inntektsramme	163.771
Meirinntekt i 2006	18.050
Inntektsramme Kile for 2006	21.259
Kostnad med avbrot i 2006	3.552
Inntektsføring Kile i 2006	17.707
Driftsresultat nettdrift	43.964
+Korr. meiravskrivning utanom inntektsramme	3.930
Driftsresultat nettdrift etter inntektsramme	47.894
Grunnlag for kapitalavkastning	531.836
Avkastning i %	9,13 %

Styresmaktene sette 5,20 % som normal nett-avkastning for 2006.

4. Andre driftsinntekter

Mor

Beløp i 1.000 kr	2006	2005	2004
Husleigeinntekter	1.763	1.479	1.474
Driftsinntekter	1.107	1.374	1.940
Sal av tenester konserninternt	31.563	33.689	32.282
Sum driftsinntekter	34.433	36.542	35.696

5. Lønnskostnader, antall tilsette, godtgjeringar m.m.

Beløp i 1.000 kr	Mor			Konsern		
	2006	2005	2004	2006	2005	2004
Løn	13.311	12.960	13.231	77.596	72.972	71.823
Arbeidsgjevaravgift	1.944	1.892	1.924	11.835	10.788	10.715
Pensjonskostnader	1.600	2.382	1.513	9.352	8.575	7.344
Andre ytingar	4.447	3.598	3.154	5.630	4.705	3.837
Sum brutto lønnskostnader	21.301	20.832	19.822	104.413	97.040	93.719
Aktivering av eigne tilverka driftsmiddel	0	0	÷70	÷19.811	÷16.176	÷17.209
Sum	21.301	20.832	19.752	84.602	80.864	76.510
Gjennomsnittleg antall årsverk	30	31	30	187	187	186
Antall menn	18	18	17	155	155	154
Antall kvinner	12	13	13	32	32	32

YTINGAR TIL LEIANDE PERSONAR

<i>Beløp i 1.000 kr</i>	Løn	Pensjons-	Anna	Sum
		utgifter	godtgjering	
Konsernsjef Ole Schanke Eikum	955	150	90	1.196
Økonomidirektør Ingolf Aagård	795	90	10	895
Produksjonsdirektør Ola Lingaas	765	61	0	826
Kraftdirektør Anne Kristin Hjelle Jordal	730	104	14	848
Nettdirektør Asgeir Aase	757	77	0	834
Konsernstyret	544	0	0	544

Overfor styreleiar føreligg det ingen forpliktingar utover ordinært styrehonorar. Ingen av dei leiande tilsette har særskilt avtale om godtgjersle ved opphør av arbeidsforholdet. Konsernsjefen er tilsett på fastløn og har ikkje avtale om bonus. Dei øvrige leiande personane har same avtale om bonus som andre tilsette i konsernet. Pensjonsvilkåra er på lik line med andre tilsette.

KOSTNADER TIL REVISOR

<i>Beløp i 1.000 kr</i>	Mor			Konsern		
	2006	2005	2004	2006	2005	2004
Revisjonshonorar	95	85	25	445	404	332
Attestasjonstenester	0	0	0	7	9	5
Andre tenester utanfor revisjonen	40	25	55	74	41	55
Tenester frå samarbeidande selskap	265	132	291	464	132	291
Sum	400	242	371	990	586	683

Beløpa over viser godtgjersle til Deloitte AS og samarbeidande selskap for revisjon og revisjonsrelaterte tenester, samt godtgjersle for andre tenester.

NOK 1.000

Lån og garantiar til fordel for	Lån	Garantiar
Tilsette i SFE-konsernet	1.104	0
Adm.dir, aksjeeigarar og medlemmer av styret	0	0
Nærstående til aksjeeigarar og medlemmer av styret	0	0

Lån tilsette har løpetid utover 1 år.

6. Andre driftskostnader

<i>Beløp i 1.000 kr</i>	Mor			Konsern		
	2006	2005	2004	2006	2005	2004
Reparasjonar og vedlikehald	2.672	1.985	2.296	32.493	24.647	29.453
Forsikringar	277	163	158	2.720	2.312	2.222
Leigekostnader	846	768	481	5.512	4.950	5.636
Andre driftskostnader	7.973	8.550	7.582	32.926	23.784	31.231
Sum andre driftskostnader	11.768	11.467	10.517	73.651	55.693	68.542

7. EIGEDOMSSKATT, AVGIFTER OG GODTGJERSLER

Beløp i 1.000 kr	Konsern		
	2006	2005	2004
Konsesjonsavgifter	6.247	6.160	6.038
Tilsynsavgifter	577	551	500
Konsesjonspålagde tiltak	520	939	706
Grunn- og ulempeserstatning	157	301	191
Andre erstatningar	1 051	197	142
Frikraftutbetalingar	4.593	4.815	3.087
Eigedomsskatt	15.743	12.910	8.909
Sum eigedomsskatt, avgifter og godtgjersler	28.888	25.873	19.573

SFE er eit 100% offentleg eigd selskap og såleis er ikkje SFE sine kraftstasjonar utsett for heimfall til staten. Gjennom disponering av fallrettar i utbygde og ikkje utbygde vassdrag har SFE teke på seg forpliktingar ved å betale årlege godtgjersler.

8. FINANSKOSTNADER OG -INNETEKTER

Beløp i 1.000 kr	Mor			Konsern		
	2006	2005	2004	2006	2005	2004
Låneprovisjon Sogn og Fj. fylkeskommune	429	747	879	429	747	879
Rentekostnader	25.379	34.690	43.442	29.685	36.143	44.508
Andre finanskostnader	307	24	144	307	495	254
Rentekostnad til foretak i same konsern	6.420	3.263	3.806	0	0	0
Sum finanskostnader	32.535	38.724	48.271	30.421	37.385	45.641

Hovuddelen av rentekostnadene er knytt til offentleg utlagte obligasjonslån. Som sikringsinstrument i låneportefølja nyttar SFE rentederivat som swap-avtaler. Effekten av rentederivata som tilfredstiller krva til sikringsbokføring vert rekneskapsført parallelt med dei underliggende låna. Pr 31.12.06 er det ein urealisert vinst på rentederivat på 4,5 MNOK som ikkje tilfredsstiller krva til sikringsbokføring og dette er derfor inntektsført.

Beløp i 1.000 kr	Mor			Konsern		
	2006	2005	2004	2006	2005	2004
Renteinntekt frå foretak i same konsern	24.930	33.039	40.281	0	0	0
Verdiendring på finansielle omlaupsmidlar	418	÷242	1.188	418	÷242	1.188
Andre finansinntekter	7.413	3.066	8.550	18.531	12.006	19.330
Sum finansinntekter	32.761	35.863	50.019	18.949	11.764	20.518

9. SKATTAR

9a) Skilnad mellom resultat før skattekostnad og årets skattegrunnlag alminneleg inntekt

Betalbar skatt i årets skattekostnad knytt til alminneleg inntekt kjem fram slik:

Beløp i 1.000 kr	Mor		
	2006	2005	2004
Resultat før skattekostnad	50.961	132.761	65.732
Permanente skilnader	÷850	346	114
Endring i negative midlertidige skilnader	÷9.273	5.411	÷1.784
Grunnlag betalbar skatt	40.837	138.518	64.061
28% Betalbar skatt på årets resultat	11.434	38.785	17.937

9B) SPESIFIKASJON AV BETALBAR SKATT PÅ GRUNNRENTE

Konsern

Betalbar skatt i årets skattekostnad knytt til grunnrenteinntekt kjem fram slik:

<i>Beløp i 1.000 kr</i>	Åskåra I	Åskåra II	Leirdøla	Eidsfossen	Sagefossen	Skogheim	Mel	Øksenvane	Totalt
Brutto grunnrenteinntekt	143.516	66 122	80.438	17.141	12.407	9.107	85.974	31.639	446.344
Friinntekt	9.429	5.239	7.233	2 161	3.172	3.416	26.820	6.299	63.769
Skattemessige avskrivningar	8.293	4.570	3.587	2.541	1.591	1.469	9.424	2.679	34.154
Øvrige driftskostnader	34.904	12.636	7.608	3.932	2.077	1.884	11.860	19.499	94.400
Årets netto grunnrenteinntekt	90.890	43.677	62.010	8.507	5.567	2.338	37.870	3.160	254.019
Neg grunnrenteinntekt 01.01.2006	0	0	0	÷16.490	÷28.559	÷38.582	÷468.818	÷6.321	÷558.770
Grunnlag betalbar grunnrenteskatt	90.890	43.677	62.010	÷7.983	÷22.992	÷36.244	÷430.949	÷3.161	196.577
Årets betalbare grunnrenteskatt 27%	24.540	11.793	16.743	0	0	0	0	0	53.076

9C) GRUNNLAG FOR BEREKNING AV UTSETT SKATT OG BRUKT SKATTESATS

Spesifikasjon av skatteeffekten av midlertidige skilnader og underskot til framføring for skatt på alminneleg inntekt:

<i>Beløp i 1.000 kr</i>	Mor			Konsern		
	31.12.06	01.01.06	31.12.04	31.12.06	01.01.06	31.12.04
Anleggsmidlar	÷274	÷361	÷484	÷111.802	÷111.905	÷117.687
Omløpsmidlar	122	÷36	÷103	÷21.365	106	÷148
Pensjonsforplikting	4.702	2.584	1.342	25.215	11.845	6.915
Langsiktig gjeld	0	0	0	4.004	4.004	4.004
Kortsiktig gjeld	÷1.148	1.410	97	÷965	1.533	120
Framførbart underskot	0	0	0	2.639	1.667	1.086
Sum	3.403	3.597	852	÷102.274	÷92.750	÷105.710
Ikkje balanseført utsett skatt	0	0	0	8.093	9.869	÷11.629
Netto utsett fordel/gjeld i (+) balansen	3.403	3.597	852	÷94.179	÷82.881	÷94.081

Utsett skattefordel er oppført med utgangspunkt i framtidig inntekt.

Midlertidige skilnader knytt til berekning av skattekostnad på grunnrenteinntekt

Våre estimat viser at Mel kraftverk har opparbeid så stor negativ grunnrenteinntekt til framføring at kraftverket aldri vil kome i posisjon for betalbar grunnrenteskatt. Dette kraftverket vert derfor sett bort frå ved berekning av utsett skatt grunnrente.

Kraftstasjonane Øvre Markevatn, Nedre Markevatn, Oslandsbotn, Stongfjorden, Skorge, Trysilfossen og Ebebøfossen vert ikkje skattlagde for grunnrenteinntekt fordi dei er under den nedre grensa på installert merkeyting for fastsetjing av grunnrenteinntekt på 5.500 kVA. Også desse kraftstasjonane vert det derfor sett bort frå ved berekning av utsett skatt grunnrente.

For kraftstasjonen Skogheim er det tidlegare vurdert slik at stasjonen ikkje vil kome i grunnrenteposisjon innanfor ein tidshorisont på 10 år. Pga høgare kraftprisar viser våre estimat no at kraftstasjonen truleg er i grunnrenteposisjon innan 10 år. Av denne grunn er det no rekneskapsført utsett grunnrenteskatt på Skogheim kraftstasjon.

Spesifikasjon av skatteeffekten av midlertidige skilnader og negativ grunnrenteinntekt til framføring:

	Åskåra I		Åskåra II		Leirdøla		Sagefossen	
	Fordel/Gjeld (+)		Fordel/Gjeld (+)		Fordel/Gjeld (+)		Fordel/Gjeld(+)	
<i>Beløp i 1.000 kr</i>	31.12.06	01.01.06	31.12.06	01.01.06	31.12.06	01.01.06	31.12.06	01.01.06
Effektiv skattesats grunnrente	27%	26%	27%	26%	27%	25%	27%	23%
Anleggsmidler	÷10.097	÷9.437	÷1.702	÷1.378	÷1.861	÷1.735	÷218	÷260
Pensjonsforpliktning	746	196	367	97	349	92	93	25
Neg.grunnrentefordel	0	0	0	0	0	0	6.208	5.963
Utsett fordel/gjeld (+) i balansen	÷9.351	÷9.241	÷1.335	÷1.281	÷1.512	÷1.643	6.083	5.728

	Eidsfossen		Skogheim		Øksnelvane		Totalt	
	Fordel/Gjeld (+)		Fordel/Gjeld (+)		Fordel/Gjeld (+)		Fordel/Gjeld (+)	
<i>Beløp i 1.000 kr</i>	31.12.06	01.01.06	31.12.06	01.01.06	31.12.06	01.01.06	31.12.06	01.01.06
Effektiv skattesats grunnrente	27%	17%	27%	0%	27%	14%		
Anleggsmidler	277	÷122	256		1.265	548	÷12.080	÷12.384
Pensjonsforpliktning	101	26	75		0	0	1.731	436
Neg.grunnrentefordel	2 151	2.598	9.786		853	377	19.002	8.938
Utsett fordel/gjeld (+) i balansen	2.533	2.502	10.116	0	2 118	926	8.653	÷3.011

9D) SPESIFIKASJON AV SKATTEKOSTNADEN

<i>Beløp i 1.000 kr</i>	Mor			Konsern		
	2006	2005	2004	2006	2005	2004
Skatt på alminneleg inntekt/naturressursskatt						
Årets betalbare skatt på alminneleg inntekt/naturressursskatt	11.434	38.785	17.937	37.329	66.467	60.074
Effekt av SkatteFunn ordning	÷9	0	0	÷24	÷66	÷216
For mykje/lite avsett skatt tidlegare år	÷1.837	÷10	÷64	÷1.821	4.792	736
Endring utsett skattefordel alminneleg inntekt	194	÷1.583	200	9.202	÷6.191	÷15.423
Endring utsett skatt frå DS som gjekk ut av konsern	0	0	0	0	0	÷803
Endring utsett skatt ført direkte mot EK (pensjon)	2.244	0	0	13.761		
Perioden sin skattekostnad på alm. inntekt/naturressursskatt	12.026	37.193	18.073	58.446	65.005	44.367
Grunnrenteskatt						
Årets betalbare skatt på grunnrenteinntekt	0	0	0	53.076	34.299	24.501
Endring utsett skattefordel grunnrenteinntekt	0	0	0	÷11.661	÷6.661	857
For mykje/lite avsett skattekostnad frå tidlegare år	0	0	0	2 186	÷152	820
Endring utsett grunnrenteskatt direkte mot EK (pensjon)				1.295		
Perioden sin skattekostnad på grunnrenteinntekt	0	0	0	44.894	27.486	26.178
Perioden sin totale ordinære skattekostnad	12.026	37.193	18.073	103.340	92.491	70.545
Ekstraordinær endring utsett skattefordel alm inntekt	0	0	0	0	0	34.307
Perioden sin totale skattekostnad	12.026	37.193	18.073	103.340	92.491	104.852

9E) SPESIFIKASJON AV BETALBAR SKATT I BALANSEN

Beløp i 1.000 kr	Mor			Konsern		
	2006	2005	2004	2006	2005	2004
Betalbar skatt på årets alm.inntekt	11.426	38.785	17.937	37.306	66.401	59.858
Skuldig betalbar skatt frå tidl år	229	229	195	2.624	1.878	31
Motrekning av framførbar naturressursskatt	0	0	0	0	÷1.643	0
Betalbar grunnrenteskatt	0	0	0	53.076	34.299	26.150
Til gode grunnrenteskatt frå tidl. år	0	0	0	0	÷840	÷840
Skuldig betalbar skatt i balansen	11.655	39.014	18.132	93.005	100.096	85.199

10a Immaterielle egedelar

Beløp i 1.000 kr	Fallrett	Rettar grøn el	Goodwill	Andre rettar	Sum immaterielle egedelar
Konsern					
Anskaffelseskost 01.01.06	92.865	0	72.342	237.033	402.240
Tilgang 2006	0	0	0	0	0
Avgang 2006	0	0	0	0	0
Nedskrivning 2006		0	0	0	0
Akkumulert avskrivning 31.12.06	0	0	29.081	29.328	58.409
Balanseført verdi 31.12.06	92.865	0	43.261	207.705	343.831
Årets ordinære av- og nedskrivningar	0	0	6.285	5.495	11.780
Antatt økonomisk levetid (snitt) år	uendeleg		12 år	43 år	

Goodwill-verdiar spesifisert på virksomhetskjøp:

Beløp i 1.000 kr	Synergjar Firdakraft	Kundemasse Gloppen Energiverk	Kundemasse Ytre Fjordane Kraftverk	Sum Goodwill
Tidspunkt for oppkjøp	2000	2001	2003	
Anskaffelseskost 01.01.06	33.449	4.400	34.492	72.342
Tilgang 2006	0	0	0	0
Avgang 2006	0	0	0	0
Nedskrivning 2006	0	0	0	0
Akkumulert avskrivning 31.12.06	13.083	2.200	13.797	58.409
Balanseført verdi 31.12.06	20.366	2.200	20.695	43.261
Årets ordinære av- og nedskrivningar	2.396	440	3.449	6.285
Antatt økonomisk levetid (snitt) år	15 år	10 år	10 år	

Goodwill-verdien skriv seg frå kostnadsreduksjonar (synergjar) gjennom oppkjøpet av Firdakraft og drift av anleggsmidlane samla. Anleggsmidlane det her er tale om er kraftstasjonar og nettanlegg med lang levetid slik at synergieffektane vil ha ein varighet på minst 15 år. I tillegg er det kundemasse som kom inn i konsernrekneskapen gjennom fusjonen med YFK og kjøpet av Gloppen Energiverk. Lojaliteten i kundemassa er slik at 10 års avskrivningstid er vurdert til å vere korrekt.

10b Varige driftsmiddel

Beløp i 1.000 kr Mor	Inventar, utstyr, materiell	Adm.bygg	Bustadhus, tomter og hytter	Anlegg i arbeid	Sum varige driftsmiddel
Anskaffelseskost 01.01.06	16.235	51.930	3.696	219	72.080
Tilgang kjøpte driftsmiddel 2006	2.325	1.140	0	4.196	7.661
Tilgang eigentilv. driftsmiddel 2006				0	0
Avgang 2006	212	0	0	3.466	3 678
Akkumulert avskrivning 31.12.06	10.796	10.084	0	0	20.880
Balanseført verdi 31.12.06	7.552	42.986	3.696	950	55.184
Årets ordinære avskrivningar	1.942	1.248	0	0	3.191
Antatt økonomisk levetid (snitt) år	6,3 år	41,5 år			

Beløp i 1.000 kr Konsern	Kraft- stasjoner	S-netts- anlegg	Hovud- fordelings- anlegg	Fordelings- anlegg	Fiber- anlegg	Gass- terminal for LNG	Inventar og utstyr	Tomtar og bygningar	Anlegg i arbeid	Sum varige driftsmiddel
Anskaffelseskost 01.01.06	1.237.363	121.497	230.578	546.923	10.471	14.691	71.962	107.087	55.285	2.395.857
Tilgang kjøpte anleggsmidler 2006	4.277	352	3.893	21.662	663	7.598	9.266	1.227	56.624	105.562
Tilgang eige tilv. anleggsmidler 2006	872	0	293	12.078	455	0	231	0	4.035	17.964
Herav balanseførte lånekostnader	0	0	0	0	0	0	0	0	437	437
Avgang 2006	0	0	0	0	0	0	239	0	12.019	12.258
Akkumulert avskrivning 31.12.06	348.409	22.349	141.537	248.966	3.058	2.232	49.845	29.167	0	845.563
Balanseført verdi 31.12.06	894.103	99.500	93.227	331.697	8.531	20.057	31.375	79.147	103.926	1.661.563
Årets ordinære avskrivningar	33.976	5.279	6.814	19.121	769	775	7.558	2 038	0	76.386
Antatt økonomisk levetid (snitt) år	36 år	23 år	35 år	29 år	13,6 år	15 år	10 år	50 år		

11. Investeringar i aksjar, dotterselskap og tilknytt selskap

Mor

Beløp i 1.000 kr	Forretnings- kontor	Eigardel/ stemmeandel SFE	Balanseført verdi
Fjord Invest	Førde	6,9 %	7.975
Vestnorsk Enøk	Bergen		2.039
Andre selskap		9,8-14,3%	475
Sum andre aksjer			10.489
Eninvest	Gaular	40,8%	9.782
Sum tilknytt selskap			9.782

Aksjar i dotterselskap:

SFE Kraft AS	Sandane	100 %	135.787
SFE Nett AS	Flora	100 %	264.562
SFE Produksjon AS	Sandane	100 %	822.999
SFE Naturgass AS	Sandane	60 %	7.439
Sum aksjar i dotterselskap			1.230.787

Sum aksjar	1.251.058
-------------------	------------------

Stemmerett i dotterselskap og tilknytt selskap er i samsvar med eigardel.

Konsern

<i>Beløp i 1.000 kr</i>	Eigardel/stem- meandel SFE	Anskaff.- Kostnad	Balanseført verdi
Fjord Invest	6,9%	7.975	7.975
Vestavind Kraft AS	14,3%	3 000	3.000
Vestnorsk Enøk		2.039	2.039
Andre selskap	3-14,3%	780	780
Sum andre aksjar		13.794	13.794

Tilknyttta selskap i konsernet:

	Fossheim Energiverk AS	Enivest AS	Innvik Kraftverk AS	Totalt
Forretningskontor	Jølster	Gaular	Stryn	
Eigarandel	30,0%	40,8%	30,0%	
Stemmeandel	30,0%	40,8%	30,0%	
Inngående balanse 01.01	5.902	3.916	7.500	17.318
Tilgang i året	0	0	7.500	7.500
Andel årets resultat	3.245	÷200	0	3.045
Avskrivning på meirverdiar	÷45	÷251	0	÷296
Motteke utbytte	÷150	0	0	÷150
Utgåande balanse	8.952	3.465	15.000	27.416

12. Utlån/Langsiktige fordringar

Konsern

<i>Beløp i 1.000 kr</i>	2006	2005	2004
Leigeavtale kraftstasjonar	26.526	29.840	33.091
Aktiverte kostnader leigde lokaler	1.027	1.177	1.289
Andre langsiktige fordringar	1.116	1.321	1.338
Sum utlån/langsiktige fordringar	28.669	32.338	35.718

13. Mellomverande mellom selskap i same konsern

<i>Beløp i 1.000 kr</i>	Kundefordringar			Andre kortsiktige fordr.			Utlån		
	2006	2005	2004	2006	2005	2004	2006	2005	2004
Foretak i same konsern	10.302	4.408	203	107.172	204.038	118.669	660.000	592.429	714.714
Sum	10.302	4.408	203	107.172	204.038	118.669	660.000	592.429	714.714

<i>Beløp i 1.000 kr</i>	Leverandørgjeld			Anna kortsiktig gjeld			Langsiktig gjeld		
	2006	2005	2004	2006	2005	2004	2006	2005	2004
Foretak i same konsern	÷18	112	157	3.354	3.168	1.469	200.000	220.000	145.000
Sum	÷18	112	157	3.354	3.168	1.469	200.000	220.000	145.000

14. Andre kortsiktige krav

Fordringar med forfall seinare enn eitt år:

Beløp i 1.000 kr	Konsern		
	2006	2005	2004
Driftskonto hos Statkraft	1.114	1.114	1.114
Periodiseringar	0	0	1.932
Sum	1.114	1.114	3.046

15. Marknadsbaserte finansplasseringar og rentebytteavtaler

Beløp i 1.000 kr	Kjøpsverdi	Pålydande valuta	Bokført verdi	Marknadsverdi
Renteberande sertifikat og obligasjonar	89.029	NOK	88.592	88.592
Marknadsverdi av rentebytteavtalar		NOK	4.545	4.545
Sum	89.029		93.137	93.137

Rentebytteavtalene er vurdert som lett omsettelege til kontantar og derfor vurdert til verkeleg verdi og klassifisert saman med sertifikat og obligasjonar.

SFE har pr 31.12.2006 følgjande rentebytteavtalar:

Rentebytteavtalar pr 31.12.2006	Beløp (mill. kr)	Start	Slutt	SFE mottok fastrente	SFE betalar fastrente
Swap 1	50	2003	2008		6,29%
Swap 2	30	2005	2010		5,05%
Swap 3	30	2005	2010		3,729%
Swap 4	50	2005	2010		3,979%
Swap 5	30	2005	2010		3,83%
Swap 6	50	2006	2011		3,935%
Swap opsjon 1*)	100	2006	2008	3 mnd Nibor	3 mnd Nibor ±0,33%

*) SFE betalar 3 mnd Nibor ±0,33% så lenge 3 mnd Nibor er over 3,80%. Går 3 mnd. Nibor under dette nivået betalar SFE 3,80%, dvs. SFE har ein løpande vinst på 0,33% så lenge 3 mnd. Nibor er over 3,80%.

16. Bank, post

Posten er samansett slik:

Beløp i 1.000 kr	Mor			Konsern		
	31.12.06	31.12.05	31.12.04	31.12.06	31.12.05	31.12.04
Forskotstrekk	690	703	699	3 979	3.850	3.877
Bankinnskott depotkto.	0	0	0	22 134	6.077	4.401
Øvrige bankkonti	11	58	21	19.843	45.204	0
Kasse	0	0	0	0	0	13
Sum	701	761	721	45.956	55.131	8.291

Av dette er kr 690.000 bundne skattetrekksmidlar for mor og kr3.979.000 for konsernet. På depotkonto i SFE Kraft AS er kr 22.134.000,- bunde til fordel for Nord Pool.

Konsernet har ein ubenyttta kassekreditt på 100 mill. kr.

17. Eigenkapital

Mor

Eigenkapitalen er endra slik frå 31.12.2005 til 31.12.2006:

<i>Beløp i 1.000 kr</i>	Aksje- kapital	Overkurs- fond	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 31.12.2005	739.611	359.588	71.822	1.171.021
Netto virkning prinsippendring pensjonsforpliktelse (SORIE)			÷2.990	÷2.990
Eigenkapital 01.01.2006	739.611	359.588	68.832	1.168.031
Brutto estimatavvik vedrørende pensjonsforpliktelse (SORIE)			÷8.015	÷8.015
Endring utsett skatt pga pensjonsendring			+ 2.244	+ 2.244
Årets resultat	0	0	38.935	38.935
Foreslege utbytte	0	0	÷96.149	÷96.149
Eigenkapital 31.12.2006	739.611	359.588	5.847	1.105.046

Konsern

Beløp i 1.000 kr

	Aksje- kapital	Overkurs- fond	Annan eigenkapital	Minoritet- interesser	Sum
Eigenkapital 31.12.2005	739.611	359.588	192.903	4.431	1.296.533
Netto virkning prinsippendring pensjonsforpliktelse (SORIE)			÷12.441		÷12.441
Eigenkapital 01.01.2006	739.611	359.588	180.462	4.431	1.284.092
Brutto estimatavvik vedrørende pensjonsforpliktelse (SORIE)			÷49.148		÷49.148
Endring utsett skatt pga pensjonsendring			+ 13.761		+ 13.761
Endring utsett grunnrenteskatt pga pensjonsendring			+ 1.295		+ 1.295
Årets resultat	0	0	101.700	÷260	101.440
Foreslege utbytte	0	0	÷96.149	0	÷96.149
Eigenkapital 31.12.2006	739.611	359.588	151.922	4.171	1.255.291

18. Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjonærer 31.12.2006	A- aksjar	B- aksjar	Sum aksjar	Sum pålydande	Eigar- andel
Sogn og Fjordane fylkeskommune	2.354.720	1.177.360	3.532.080	353.208.000	47,76 %
Bergenshalvøens Kommunale Kraftselskap AS	1.898.684	949.343	2.848.027	284.802.700	38,51 %
Flora kommune	232.455	116.228	348.683	34.868.300	4,71 %
Gloppen kommune	164.296	82.148	246.444	24.644.400	3,33 %
Bremanger kommune	123.724	61.862	185.586	18.558.600	2,51 %
Askvoll kommune	74.057	37.028	111.085	11.108.500	1,50 %
Selje kommune	71.485	35.743	107.228	10.722.800	1,45 %
Eid kommune	7.457	3.729	11.186	1.118.600	0,15 %
Naustdal kommune	3.857	1.929	5.786	578.600	0,08 %
Totalt	4.930.735	2.465.370	7.396.105	739.610.500	

A-aksjane kan berre eigast av aktørar som kan definerast som offentlege etter industrikonsesjonslova.

Forøvrig er det ingen skilnader mellom A og B-aksjane

19. Pensjonskostnader og –forpliktingar

SFE si pensjonsordning omfattar i alt 35 tilsette, 14 pensjonistar og 14 oppsette for morselskapet og 186 tilsette, 117 pensjonistar og 55 oppsette for konsernet. SFE har plikt til å ha Offentleg TenestePensjon (OTP) for dei tilsette. Dette er krevet er innfridd gjennom ytelsesbasert pensjonsordning. SFE er medlem i Kommunal Landspensjonskasse (KLP). Norsk RekneskapsStiftelse har slege fast at pensjonsordninga i KLP skal handsamast som «Multiemployer plans». Utviklinga i internasjonale rekneskapsstandardar har gått i retning av at «Multiemployer plans» stort sett vert rekneskapsført i tråd med reglar som gjeld for ytelsesplanar med balanseføring av pensjonsforplikting eller pensjonsmidlar og kostnadsføring av perioden si opptening. KLP har berekna pensjonsforpliktingane i SFE i henhold til norsk rekneskapsstandard for pensjonskostnader. Når det gjeld AFP-ordninga har SFE denne i LO/NHO-ordninga. Arbeidsgjevar betaler inn ein kontingent til LO/NHO-ordninga basert på antall årsverk. For tilsette som tek ut AFP betaler arbeidsgjevar ein eigenandel på 25% medan det vert gjeve eit statstilskot på 40%. I nedanforståande talmateriale er AFP slege saman med tenestepensjonsordninga.

SFE har frå 01.01.2006 implementert NRS 6A (SORIE). Ved implementeringa er alle akkumulerte uamortiserte estimatavvik, både innanfor og utanfor korridor, nullstilt og korrigert mot eigenkapitalen. Estimataavvik som er oppstått i 2006 er også korrigert mot eigenkapitalen. Det vert ikkje brukt korridorløysing og alle estimataavvik vert amortisert straks. For SFE-konsernet er pensjonsforpliktingar på 67,0 mill korrigert mot eigenkapitalen før skatt. Av dette utgjer akkumulerte estimataavvik 31.12.2005 17,9 mill og nye estimataavvik oppstått i 2006 49,1 mill. Auken i pensjonsforpliktinga 31.12.2006 må sjåast i samanheng med endra føresetnader brukt i pensjonsberekninga. Desse gir ein vesentleg høgare forplikting enn tidlegare føresetnader.

Følgande forutsetningar er brukt i berekningane:

	2006	2005	2004
Årleg avkastning	5,40%	6,0%	6,5%
Diskonteringsrente	4,50%	5,0%	5,5%
Årleg lønsvekst	3,75%	3,0%	3,0%
Årleg vekst G-beløp	3,75%	3,0%	3,0%

Føresetnadane SFE har nytta avvik frå Rekneskapsstiftinga sitt høyringsutkast til vegleing for årleg lønsvekst og vekst i G-beløpet. Grunnen til dette er alderssamansettinga i konsernet med høg gjennomsnittsalder og lokalisering av aktiviteten som tilseier ein lågare lønsvekst enn i meir sentrale strøk med sterkare vekst.

Uttaksandel AFP pr aldersgruppe:

	2006	2005	2004
62 år	20%	20%	20%
63 år	30%	30%	30%
64 år	40%	40%	40%
65 år	50%	50%	50%
66 år	60%	60%	60%

«Turnover» er berre teke omsyn til i forhold til AFP-ytingar. Det er lagt til grunn at turnover utgjer 20% for gruppa under 20 år og at den vert avtrappa frå 8 % frå gruppa 20-23 år til 1% for gruppa 46-50 år. For gruppa over 50 år vert det ikkje rekne med turnover.

Pensjonskostnad:

Beløp i 1.000 kr	Mor			Konsern		
	2006	2005	2004	2006	2005	2004
Årets pensjonsopptening	1.566	1.794	1.810	8.494	7.918	7.816
Rente- og adm.kostnad	1.907	1.979	2.463	9.753	8.991	8.296
Avkastning pensjonsmidlar	1.739	1.723	2.202	8.756	7.870	7.552
Netto pensjonskostnad	1.734	2.050	2.071	9.490	9.039	8.560
Arbeidsgj.avg	244	289	292	1.701	1.275	1.207
Rekneskapsført pensjonskostnad	1.979	2.339	2.363	10.829	10.314	9.767
Estimataavvik	450			1.401		
Betalt premie inkl arbeidsgj.avg	2.430			12.229		

Finansiell status

	Mor	Konsern
Bokført pensjonsforpliktning 31.12.05	5.077	24.421
Implementering NRS 6A (SORIE)	4.153	17.885
Bokført pensjonsforpliktning 01.01.06	9.230	42.306

Beløp i 1.000 kr	Mor			Konsern		
	2006	2005	2004	2006	2005	2004
Pensjonsforpliktning	45.619	38.917	44.354	235.426	177.316	151.068
Verdi av pensjonsmidlar	30.900	30.827	36.445	156.500	140.237	125.703
Netto forpliktning	14.719	8.089	7.909	78.926	37.079	25.365
Arb.gj avg	2.075	1.141	1.115	11.129	5.228	3.576
Netto forpliktning inkl avg.	16.794	9.230	9.024	90.055	42.307	28.941

20. Langsiktig gjeld

Mor

Beløp i 1.000 kr

VPS-nr.	Lånetype	Neste reg./forfall	Oppr. pålydande	Aktuell rente %	Avdrag/ nedbetalt 2006	Restlån 01.01. 2006	Restlån 31.12. 2006
138909	Reg. lån		30.000		10.500	10.500	0
139910	Reg. lån		58.000		13.050	13.050	0
138911	Reg. lån		110.000		6.705	6.705	0
138912	Put/Call		125.000		103.400	103.400	0
138914	Put/Call	15.03.2007	140.000	2,80	4.700	109.950	105.250
138916	Put/Call		200.000		80.000	80.000	0
138917	Put/Call		140.000		65.640	65.840	0
138900	Put/Call		95.000		46.200	46.200	0
138902	Put/Call		100.000		31.570	31.570	0
10317944	Fast lån	01.06.2011	200.000	4,60			200.000
10324908	FRN lån	02.02.2007	275.000	3,62			275.000
Behaldning obligasjonar i egne lån						÷2.537	0
SUM OBLIGASJONSLÅN						464.678	580.250
Lån frå dotter SFE Kraft			220.000	3m Nibor		220.000	200.000
SUM LANGSIKTIG GJELD						684.678	780.250

Sogn og Fjordane fylkeskommune har stilt sjølvskyldnergaranti for obligasjonslån med VPS-nr 138914. Restbeløpet er pr. 31.12.06 på 105,25 mill. kr. Dette lånet blir innfridd 15.03.2007.

Konsern

Konsernet har langsiktig gjeld som spesifisert under:

Beløp i 1.000 kr

VPS-nr.	Låne type	Neste reg.	Oppr. pålydande	Aktuell rente %	Avdrag/ nedbetalt 2006	Restlån 31.12. 2005	Restlån 31.12. 2006
Obligasjonslån			1 473.000		361.765	467.215	580.250
Behaldning obligasjonar i egne lån						÷2.537	
SUM OBLIGASJONSLÅN						464.678	580.250
Banklån	Serielån		14.000	3m Nibor +0,9%	698	5.958	12.772
SUM LANGSIKTIG GJELD						470.636	593.022

<i>Beløp i 1.000 kr</i>	31.12.2006	31.12.2005	31.12.2004
ELSAM-avtalen	30.015	32.084	34.153
Kapitaliserte verdiar ikkje utbygde vassdrag	14.300	14.300	14.300
Anna forplikting	800	900	1.000
SUM AVSETTING FOR FORPLIKTINGAR	45.115	47.284	49.453

Under forpliktingar inngår kapitalisert verdi på evigvarande godtgjersler knytt til ikkje utbygde vassdrag slik som dette:

Vassdrag	Kapitalisert verdi
Gaularvassdraget	9.000
Gjengedalsvassdraget	5.300

SFE Produksjon leverer frikraft til 78 grunneigarar i Gaular- og 30 grunneigarar i Gjengedalsvassdraget. Dette representerer ein årleg kostnad på i storleiksorden 1,5 mill.

Ved berekning av kapitaliserte verdiar er det lagt til grunn marknadsprisar på kraft og nettleige og ei diskonteringsrente på 4,5%. For Gjengedalsvassdraget er det forutset at det vert gjennomført ei kraftutbygging innan 2017 slik at godtgjersla ikkje er nedkapitalisert lenger fram enn dette. For Gaularvassdraget er det lagt til grunn utbygging av tre mikrokraftverk innan 2011 som vil gje inntekter gjennom tilbakeleige av fallrettar. Dersom det ikkje vert gjeve nødvendig konsesjon for kraftutbygging i Gjengedal eller vassrettane i Gaularvassdraget ikkje kan utnyttast vil dette påverke kapitalisert verdi av frikraftforpliktingane vesentleg. Det kan då vere tale om ei fleirdobling av forpliktingane.

Mor og konsern

Gjeld som har forfall meir enn fem år etter avslutning av rekneskapsåret:

<i>Beløp i 1.000 kr</i>	2006	2005	2004	2003
Obligasjonslån	0	238.240	281.735	330.565
Gjeld til kredittinstitusjonar	6.934	3.792	11.550	13.200
Øvrig langsiktig gjeld	34.270	36.439	38.608	40.177
SUM LANGSIKTIG GJELD	41.204	278.471	331.893	383.942

Utbetalt forskotsbeløp knytt til ELSAM-avtalen er ført opp i balansen under avsetting for forpliktingar. Beløpet pr. 31.12.06 er 30 mill. kr. Forskotsbeløpet vert inntektsført med 1/25 pr år frå 1995.

21. Pantsetjingar og garantiar

Bokført gjeld som er sikra med pant:

<i>Beløp i 1.000 kr</i>	Mor			Konsern		
	31.12.2006	31.12.2005	31.12.2004	31.12.2006	31.12.2005	31.12.2004
Obligasjonslån	105.250	464.678	508.774	105.250	464.678	508.774
Banklån	0	0	19.800	12.772	5.958	19.800
Sum	105.250	464.678	528.574	118.022	470.636	528.574

Bokført verdi av eignelutar som er stilt som tryggleik for bokført gjeld:

<i>Beløp i 1.000 kr</i>	Mor			Konsern		
	31.12.2006	31.12.2005	31.12.2004	31.12.2006	31.12.2005	31.12.2004
Kraftstasjonar	0	0	0	648.754	670.704	690.430
Faste eigedommar	0	0	0	20.330	13.234	0
Nettanlegg	0	0	0	0	0	0
Sum	0	0	0	669.084	683.938	690.430

SFE Produksjon AS har pantsett kraftstasjonane Åskåra, Mel og Leirdøla til fordel for Sogn og Fjordane fylkeskommune som sikkerheit for sjølvskyldnargaranti som fylkeskommunen har stilt for gamle obligasjonslån.

Konsernkontoavtale inngått med Fokus Bank inkluderer kassakreditt og trekkrett samt Nord Pool og Elsam garantiar. Alle konsernselskapa har gjensidig garantert for desse kredittane. Gassterminal for LNG er pantsett som tryggleik for lån Fokus Bank har gjeve til SFE Naturgass. SFE har overfor Fokus Bank avgitt negativ pantsettingserklæring.

22. Finansiell marknadsrisiko

Som kraftprodusent er SFE utsett for store svingingar i marknadsprisane på kraft. For å handtere og redusere denne risikoen har styret vedteke ein marknadsstrategi som tilseier at ein andel av krafta skal vere seld for dei første åra. På denne måten vert SFE sitt årsresultat mindre utsett for svingingane i kraftprisane enn det som elles ville vore tilfelle. Det er etablert rutinar som sørger for at dei fastsette posisjonane vert overheldne. Produkt SFE handlar for å redusere risikoen er futures og forwards på Nord Pool og forwards i den bilaterale marknaden. I tillegg handlar SFE sals- og kjøpsopsjonar for sikringsformål.

Av middelproduksjonen på 1.380 GWh er følgende volum prissikra framover i tid:

Årstal	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Volum i GWh	822	908	820	816	700	247

SFE har vedteke ein valutastrategi som tilseier at ein andel av konsernet sine forventede kontantstraumar i valuta skal valutasikrast. Valutarisiko utgjør både direkte og indirekte ein økonomisk risiko ved at den fysiske kraftprisen og alle finansielle avtaler på Nord Pool vert fastsett i Euro. Sikring av kontantstraumar i valuta vert gjort gjennom valutaterminar i samsvar med vedteken valutastrategi. Formålet med terminkontraktene er å sikre ein kontantstrøm i norske kroner.

SFE har følgende valutaterminar ved årsskiftet:

Valutaterminar		Sum Euro (mill. euro)	Pålydende (mill. kr)	Marknadsverdi 31.12.2006 (mill. kr)	Urealisert meir-/ mindreverdi 31.12.2006 (mill. kr)
År					
2007 sluttbruk	Kjøp Euro	6,5	52,7	53,7	1,0
2007 sluttbruk	Sal Euro	÷1,5	÷12,0	÷12,7	÷0,7
2008 sluttbruk	Kjøp Euro	4,1	33,7	34,0	0,3
Sum sluttbruk	Nto kjøp	9,1	74,4	75	0,6
2007 engros	Sal Euro	÷4,4	÷36,8	÷36,2	0,6
2008 engros	Sal Euro	÷1,6	÷13,7	÷13,5	0,2
Sum engros	Nto sal	÷6,0	÷50,5	÷49,7	0,8

Valutaterminar gjort for valutasikring av fastpriskontrakter for sluttbruksegmentet er sikringsbokført. Meirverdien på 0,6 mill. kr er såleis ikkje inntektsført. Valutaterminar gjort for sikring av Euro-kontantstraumar frå engroshandel er bokført til verkeleg verdi, dvs. 0,8 mill. kr er inntektsført i rekneskapen for 2006.

SFE har ein vedteken finansstrategi for å handtere risiko knytt til finansmarknaden. For innlåna er det definert reglar for durasjon og rentereguleringsstidspunkt. Det er etablert rutiner som sørger for at dei vedtekte rammene vert heldne. Ein relativt stor andel av låneportefølja har lang rentebinding. SFE har ein back-stop gjennom avtale om trekkrett inngått med Fokus Bank. Selskapet er ikkje utsett for valutarisiko gjennom låneportefølja. Overskotslikviditet vert plassert hovudsakleg i rentebærande papir med kort rentebinding.

23. Konesjonar

NVE har etter heimel i lov av 29. juni 1990 (energilova) gjeve SFE Nett AS konesjon til omsetting av elektrisk energi (omsettingskonesjon) fram til 31.12.2009. SFE Nett har i tillegg anleggskonesjonar og områdekonesjonar i selskapet sitt forsyningsområde. Anleggskonesjonar og områdekonesjon gjeld til 01.01.2016.

24. Heimfallsrett

Etter industrikonsesjonslova, lov av 14. desember 1917 nr 16, er SFE ein offentleg eigar som kan få evigvarande konsesjonar. Ein offentleg eigar er i denne samanheng eit selskap der minst 2/3 av kapitalen direkte eller indirekte er eigd av stat, kommunar eller fylkeskommunar. Som offentlege eigarar er SFE Produksjon AS og Firdakraft AS gitt evigvarande konsesjonar.

25. IFRS

EU har vedteke ei forordning som innebærer at alle børsnoterte foretak i EU og EØS-området frå 2005 skal utarbeide konsernrekneskap etter International Financial Reporting Standards (IFRS). Foretak med børsnoterte obligasjonslån er fom 2007 forplikta til å følge dette regelverket.

SFE har i 2006 refinansiert alle børsnoterte lån, med unnatak av eit. Låna er refinansiert gjennom to obligasjonslån lagt ut på ABM. Det siste børs-noterte lånet vart innfridd 15.03.2007. SFE har såleis ikkje lenger børsnoterte obligasjonslån og er ikkje forplikta til å rapportere konsernrekne-skapen for 2007 etter IFRS. SFE vil såleis også for 2007 rapportere etter norske rekneskapsreglar.

26. Informasjon om dotterselskap og segmentresultat

	Mor	SFE Kraft	SFE Produksjon	SFE Nett	SFE Naturgass	SFE Firdakraft
Driftsinntekter	34.433	470.464	278.468	216.652	3.937	50.850
Driftskostnader	36.398	478.173	118.107	172.689	4.586	22.965
Driftsresultat	+1.965	+7.709	160.361	43.963	+649	27.885
Nto. finanspostar	÷52.926	÷5.971	8.072	9.764	254	÷571
Res. før skatt	50.961	+1.738	152.289	34.199	+903	28.456
Skattekostnad	12.026	625	87.947	11.947	÷253	7.759
Res. etter skatt	38.935	+2.363	64.342	22.252	+650	20.697
Anleggsmidlar	1 969.747	229.279	1.252.008	615.537	21.492	167.065
Omlaufsmidlar	225.473	164.561	131.771	184.397	9.999	24.297
Sum eignelutar	2 195.220	393.840	1 389.779	799.934	31.491	191.362
Eigenkapital	1 105.046	168.453	830.669	307.738	10.426	161.222
Langsiktig gjeld	797.044	37.092	359.225	444.871	12.772	15.000
Kortsiktig gjeld	293.130	188.295	199.885	48.025	8.293	15.140
Sum EK og gjeld	2 195.220	393.840	1 389.779	799.934	31.491	191.362

Til generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Energi AS

REVISJONSMELDING FOR 2006


Vi har revidert årsrekneskapen for Sogn og Fjordane Energi AS for rekneskapsåret 2006 som syner eit overskot på kr 38.935.000 for morselskapet og eit overskot på kr 101.440.000 for konsernet. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet. Årsrekneskapen inneheld selskapsrekneskap og konsernrekneskap. Selskapsrekneskapet inneheld resultatrekneskap, balanse, kontantstraumsoppstilling og opplysningar i notar. Konsernrekneskapet inneheld resultatrekneskap, balanse, kontantstraumsoppstilling og opplysningar i notar. Rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg er nytta ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagt fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Oppgåva vår er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, herunder revisjonsstandardar vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimater, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følger av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av selskapet si forvaltning av formuen og rekneskaps- og internkontrollsystema. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for uttalinga vår.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilete av selskapet og konsernet si økonomiske stilling 31. desember 2006 og for resultatet og kontantstraumane i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Florø, 13. april 2007
Deloitte AS


Rune Norstrand Olsen
statsautorisert revisor

Audit. Tax & Legal. Consulting. Financial Advisory.

Member of
Deloitte Touche Tohmatsu

Org.nr.: 980 211 282



Nøkkeltal

	2006	2005	2004	2003	2002	2001	2000	1999	1998	1997
Omsetnad:										
<i>Driftsinntekter</i>	658 860	617 680	546 389	553 219	352 262	348 196	354 624	366 938	306 720	409 209
Resultat:										
<i>Driftsresultat</i>	213 505	244 830	191 796	185 481	128 088	123 265	126 357	109 985	79 059	65 120
<i>Netto driftsmargin</i>	32,4 %	39,6 %	35,1 %	33,5 %	36,4 %	35,4 %	35,6 %	30,0 %	25,8 %	15,9 %
<i>Ordinært resultat før skatt</i>	204 781	217 531	165 273	146 483	97 885	78 917	81 090	73 076	26 241	13 084
<i>Årsresultat</i>	101 440	125 040	60 420	88 478	58 457	43 457	64 082	47 018	26 131	11 021
Rentabilitet:										
<i>Totalrentabilitet</i>	9,80%	10,80%	8,90%	8,50%	8,00%	8,20%	9,50%	9,10%	6,40%	5,00%
<i>Eigenkapitalrentabilitet</i>	8,00%	9,80%	7,50%	7,40%	7,40%	8,30%	21,90%	13,10%	8,20%	3,00%
Investeringar:	111 508	69 992	91 894	83 110	22 508	24 293	9 596	4 815	5 153	17 826
Soliditet/kapitaltilhøve pr. 31.12										
<i>Eigenkapitalandel</i>	50,9 %	55,2 %	52,8 %	53,10%	43,70%	47,80%	13,00%	27,90%	22,90%	22,30%
<i>Likviditetsgrad I</i>	1,0	0,7	0,8	0,9	1,2	1,8	0,3	0,8	1,2	1,0
<i>Rentedekningsgrad</i>	773%	682%	462%	356%	320%	233%	236%	234%	141%	123%
Personal:										
<i>Antal tilsette pr. 31.12</i>	191	190	188	195	109	116	98	77	81	86
<i>Antal årsverk</i>	184	179	180	185	102	106	89	70,4	73,8	78,7
Produksjon/omsetnad:										
<i>Eigenproduksjon (GWh)</i>	1 277	1 699	1 348	1 279	1 273	1 190	1 447	1 212	1 020	1 127

SFE SINE DOTTERSELSKAP

SFE Nett

Beløp i 1.000 kr

Hovudtal	2006	2005
Driftsinntekter	216.652	203.011
Driftsresultat	43.963	32.240
Resultat før skatt	34.199	20.356
Totalkapital	805.667	737.742
Antal årsverk 31.12.	101,0	101,6
Leverert energi i GWh		
Regionalnett/ Distribusjonsnett	561	580

SFE Produksjon

Beløp i 1.000 kr

Hovudtal	2006	2005
Driftsinntekter	278.468	217.019
Driftsresultat	160.361	109.932
Resultat før skatt	152.289	93.387
Totalkapital	1.389.995	1.298.995
Antal årsverk 31.12.	31	31
Produksjon i GWh (inkl. Firdakraft)	1.277	1.699

SFE Kraft

Beløp i 1.000 kr

Hovudtal	2006	2005
Driftsinntekter	470.464	447.432
Driftsresultat	÷ 7.709	81.025
Resultat før skatt	÷ 1.738	86.135
Totalkapital	393.840	445.056
Antal årsverk 31.12.	24,7	23,1

SFE Naturgass

Beløp i 1.000 kr


Hovudtal	2006	2005
Driftsinntekter	3.937	1.833
Driftsresultat	÷ 649	÷ 301
Resultat før skatt	÷ 903	÷ 517
Totalkapital	31.491	27.283

Verdirekneskap

Dette oppsettet syner kva verdiskaping det har vore i konsernet i 2006 og korleis desse har blitt fordelt på dei ulike interessegruppene i samfunnet.

Beløp i 1.000 kr

Driftsinntekter	658.860	
÷ forbruk av innkjøpte varer/tenester	243.699	
= brutto verdiskaping i eiga verksemd		415.161
÷ kapitalslit (ord.avskrivningar)	88.166	
= netto verdiskaping i eiga verksemd		326.995
+ finansinntekter	21.697	
= verdier til fordeling frå eiga verksemd		348.692
+ offentlege tilskot		0
= verdier til fordeling i alt		348.692
som er fordelt slik:		
Tilsette		
brutto løn og sosiale ytingar	84.602	24,3 %
Kapitalinnskytarar		
renter til kreditytarar	30.421	8,7 %
kapitaluttak eigar	96.149	27,6 %
Stat, kommunar		
skattar og avgifter	132.228	37,9 %
Verksemda		
tilført eigenkapital	5.292	1,5 %
	348.692	100,0 %



**Sogn og Fjordane
Energi AS**

Bukta
6823 Sandane
Tlf. 57 88 47 00
Fax 57 88 47 01
E-post: post@sfe.no
Internett: www.sfe.no

Grafisk Produksjon:
E. Natvik Prenteverk AS

Foto:
Oskar Andersen

